



Lokal kulturminneplan

Strategiplan 2021 – 25



Høyanger kommune

1	Innleiing	5
1.1	Formål	5
1.2	Målsetting:.....	6
1.3	Planprosess.....	6
1.4	Definisjonar og klargjering av omgrep.....	6
2	Plangrunnlag	8
2.1	Lover	8
2.2	Nasjonalt nivå.....	8
2.3	Regionalt nivå.....	8
2.4	Lokalt nivå.....	8
3	Automatisk freda kulturminne til lokalt kulturminnevern	9
3.1	Automatisk freda kulturminne	9
3.2	Freda kulturminne.....	10
3.3	Kyrkjer	10
3.4	Lokalt kulturminnevern	10
3.5	Litteratur og forskning.....	11
4	Skildring	13
4.1	Tida før 1537, eldre tid.....	13
4.2	1537–1900: Nyare tid	14
4.3	Etter 1900, moderne tid	15
5	Forvaltning.....	17
5.1	Kriteria for automatisk freding av kulturminne	17
5.2	Kriteria for vern og freding av kulturminne.....	17
5.3	Kunnskapsverdiar.....	18
5.4	Opplevingsverdiar.....	20
5.5	Bruksverdi.....	21
5.6	Vernekategoriar og forvaltning.....	21
6	Strategiplan for kulturminnevern	23
6.1	Kulturminne	23
6.2	Faste kulturminne	24
6.3	Lause kulturminne.....	31
6.4	Immaterielle kulturminne	32

6.5	Døme på tiltak i kulturminnearbeid	34
7	Prioriterte kulturminne	39
7.1	Verdiar og eigenskapar knytt til kulturminne.....	39
7.2	Vektlegging av verdiane	39
7.3	Spesielt prioriterte kulturminne.....	40
7.4	Prioriterte kulturminneobjekt	41
7.5	Innspel til kulturminne – ikkje prioritert	63

Framsdebilde:

- Parken Høyanger, Foto: Aril Gjelsvik
- «Slåttar etter Sjur Berge, Ikkustrasjon: Vidar Underseth
- Bolstadselet, Foto: Gaute Ljotebø

Forord

Kulturminna våre er viktige kunnskapsberarar som er med på å fortelje oss historia vår. Dei kan og vere identitetsberarar som fortel oss kven vi er og kvar vi kjem frå, og er med på å gi oss identitet og rotfeste. Dei viser utviklingstrekk i vår historie, og kan fungere som eit kikhol inn i fortida. Fortidas kulturminne er med oss i notida og gir oss grunnlaget til å skape framtidens samfunn.

Kulturminneplanen skal vere eit verktøy i kulturminneforvaltninga. Den skal vere eit hjelpemiddel i ein strategi for å prioritere kulturminne. Ei anna viktig side er å kartlegge og formidle kunnskap om våre kulturminne. Dette er starten på ein prosess som på sikt vil gje god oversyn og kunnskap om kulturminna i kommunen, både i forvaltninga og formidlinga av kulturminne. For å få til ei god forvaltning av kulturminna er ein avhengig av hjelp frå innbyggjarar. Det er dei som ofte må finne fram til, og komme med kunnskap om kulturminna.

Arbeidet med kultminne er ein kontinuerlig prosess. Det er utført mykje godt arbeid i formidlinga av kunnskap om kulturminne og kulturmiljø i Høyanger kommune. Formidlinga av kulturminne er i dag også nettbasert via ulike digitale plattformer. Det er vår oppgåve å forsyne desse basane med informasjon formidla via tekst, foto, lyd og film.

Kulturminneplanen er i plansystemet til Høyanger kommune, underlagt kommuneplanen sin samfunnsdel, samt arealplanen der ein har bandlagt område etter kulturminnelova. Ein ønskjer også at eit planmessigt grep kan vere å sikre allereie freda objekt/område i plan etter plan- og bygningslova (pbl), samt utforme områdeplanlegging eller legge tematiske omsynssoner der ein ønskjer ei sikra utvikling m.o.t eigenart som arkitektur, bygningsmiljø eller sentrumsstruktur.

Handlingsprogrammet i planen vil vere uttømande av tal objekt og at ein gjennomfører ei stram prioritering i samsvar med denne strategiplanen. Til dei prioriterte objekta vil det vere ein omtale, forklarande grunngjeving med vekt verdier på kunnskap, oppleving og bruk. Handlingsprogrammet vil gjerne vere grunnlag for ei dynamisk og tettare rullering enn sjølv planverktøyet.

Den lokale kulturminneplan gir ikkje noko juridisk vern for kommunal og eller privat eigedom. Men ved at Høyanger kommune vedtek den lokale kulturminneplanen vil dette kunne medføre auka midlar gjennom stønadsordningar og tilgang på rettleiing i bruk og vedlikehald.

Høyanger kommune ønskjer ei god forvaltning av kulturminna i kommunen. Difor må kulturminna settast inn i ein historisk samanheng. Utarbeida historisk bakgrunn er vedlegg til denne lokale kulturminneplan.

God lesing!

Kjellaug Brekklus
Kommunedirektør

Anita Nordheim
Kommunalsjef kultur og folkehelse

Merk!

K-styre i sak 051/21 har i samband med handsaming av saka gjort fakta korreksjonar i den «historiske delen av kulturminneplanen» som vedlegg til «Lokal kulturminneplan». På side 28 vedkommande «Kraft og industri» - Vadheim Elektrokjemiske og produktet skal vere natriumklorat bleikemiddel i klorindustrien. Det vart også gjort presiseringar knytt til K1 og erstatning av K5 inne i fjellet. Vassmagasin av Grimsosen og Bergevatn og deretter straum til hall A.



Bilete: Transformerte Lavik til ny tid og ferjeplass

1 Innleiing

1.1 Formål

Kulturminna våre er viktige kunnskapsberarar som er med på å fortelje oss vår historie. Dei kan og vere identitetsberarar som fortel oss kven vi er og kvar vi kjem frå, og er med på å gi oss identitet og rotfeste. Dei viser historiske utviklingstrekk, og kan fungere som eit kikkhol inn i fortida. Fortidas kulturminne er med oss i notida og gir oss grunnlaget til å skape framtidens samfunn. Det er difor viktig å gjere dei kjende og tilgjengelege for folk.

Alt kan ikkje takast vare på, difor må vi prioritere. Denne kulturminneplanen for Høyanger kommune skal fungere som eit verktøy i kulturminneforvaltninga. Planen skal hjelpe oss å ta vare på spora etter fortidas menneskelege aktivitet.

Det er eigarane av kulturminna som er ansvarlege for å ta vare på kulturminna på ein god måte. For å gjere dette må ein ha kunnskapar og ressursar. Det er dei offentlege myndigheitene som har det overordna ansvaret i kulturminneforvaltninga, noko som mellom anna vert regulert gjennom kulturminnelova.

Kulturminneplanen skal vere ein pådrivar i høve til formidling, bruk og tilrettelegging av kulturminne.

Skal vi forvalte kulturminna på ein god måte, må vi kjenne historia. Difor må kulturminna kunne settast inn i ein historisk samanheng.

1.2 Målsetting:

- Auka bevisstgjerings.
- Kartlegge og gjere tilgjengeleg kulturminne.
- Sikre betre forvaltning.

1.2.1 Prioriteringar i planperioden

1. **Industriminne:** Som eit av få industrisamfunn i landet med lange tradisjonar ønskjer Høyanger kommune å fokusere på industriminne. Desse har forma vårt samfunn i over 100 år, og er ei viktig identitetsskapar. I arbeidet med å ta vare på industriminna ønskjer vi å nytte dei på ei ny måte, samt auke kunnskapen om desse.
2. **Immaterielle kulturminne:** For å få registrert det historiske kvardagslivet i bygdene i kommunen, ønskjer vi fokus på dei immaterielle kulturminna. Dette skal kartleggast gjennom fokus på lokal identitetsskapande historie, munnlege forteljingar og tradisjonsmusikk. Dokumentasjon i form av foto, film, lyd og notar.
3. **Kulturminne:** Ulike bygdelag sine eigne valde prioriterte kulturminne skal registrerast.

1.3 Planprosess

2. oktober 2012 gjorde Utval for kultur vedtak om oppstart av arbeid med kulturminneplan for Høyanger kommune. I november vart prosjektgruppa i Høyanger kommune etablert med kultursjef Anita Nordheim som prosjektleiar. Prosjektgruppa består av: kulturskulerektor, ungdoms- og idrettskonsulent, biblioteksjef, kommuneplanleggar, miljøvernleiar og GIS ingeniør.

I 2013 byrja planarbeidet og søknadsprosessen. I august 2013 fekk kommunane endeleg tilsegn om tilskot på totalt 150 000 kr frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune til registrering av kulturminne og arbeid med lokal kulturminneplan. Kroner 100.000 av desse midlane vart løyvd frå Riksantikvaren og fordelt gjennom Sogn og Fjordane Fylkeskommune.

Hausten 2014 byrja arbeidet med å realisere kulturminneplanarbeidet. Arbeidet har i hovudsak bestått i kulturminneregistrering og utarbeiding av kulturminneplan. I arbeidet med kulturminneregistrering har det vore helde fleire informasjonsmøter og kurs i samarbeid med ulike lag og organisasjonar i Høyanger kommune. På desse møta har ein fått innspel på aktuelle kulturminne. Nokre har bidrege med registrering og innsamling av informasjon om kulturminne.

Historikar Gaute Ljotebø har blitt engasjert som konsulent i dette arbeidet. Han har ført planen i pennen. Stig Øverås har vore med i prosjekt med m.a film, lyd og bilete. Aril Gjelsvik har utforma plandokumentet i samsvar med Høyanger kommune si planframstilling.

1.4 Definisjonar og klargjering av omgrep

Kulturminne: Er alle spor etter menneskeleg aktivitet i vårt fysiske miljø, inkludert lokalitetar det knyter seg historiske hendingar, tru og tradisjonar til.

Automatisk freda kulturminne: Kulturminne som er freda direkte etter lov, utan særskilt vedtak. Kulturminne som er automatisk freda er: faste kulturminne frå før 1537, samiske faste kulturminne

eldre enn 100 år, ståande byggverk med erklært opphav frå perioden 1537-1649 og faste og lause kulturminne på Svalbard frå før 1946.

Faste kulturminne: er kulturminne som er jord- eller stadfaste. Arkeologiske funn inngår som delar av eit fast kulturminne så lenge dei ligg i jorda eller under vatn.

Lause kulturminne: er kulturminne som kan flyttast.

Immateriell kulturminne – er praksis, framstillingar, uttrykk, kunnskap og ferdigheiter. Er knytt til det vi ikkje kan ta på ved eit kulturminne. Dette gjeld til dømes tru, tradisjonar, segn og hendingar.

SEFRAK: nemninga vert brukt om bygningar som vart registrert i regi av SEFRAK (Sekretariatet for registrering av faste kulturminne) i åra 1975-1995. Registreringane omfattar i prinsippet alle bygningar som er bygde før 1900.

Listeført kyrkjer: Alle kyrkjer bygde mellom 1650-1850 er listeførte. Ei rekkje kyrkjer bygd etter 1850 er òg listeført. Listeførte kyrkjer skal handsamast i høve til det såkalla kyrkjerundskrivet. Riksantikvaren skal gje fråsegn om endringar i eller ved kyrkja, og om istandsetjings- og vedlikehaldstiltak.



Bilete: Parti frå prestegarden i Lavik



Bilete: Røyrkata ned til K1, samt trallebana

2 Plangrunnlag

2.1 Lover

Følgjande lover er styrande for kulturminne:

- LOV 1978-06-09 nr 50: Lov om kulturminner (kulturminneloven)
- LOV 2007-06-29 nr 89: Lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemd (kulturlova)
- LOV 2008-06-27 nr 71: Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven)

2.2 Nasjonalt nivå

- Stortingsmelding nr. 16 (2004-2005) Leve med kulturminner. Det kongelige miljøverndepartement

2.3 Regionalt nivå

- Fylkesplan 2005-2008

2.4 Lokalt nivå

- Kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel
- Kommunal planstrategi



Bilete: Gravminne datert til bronsealder - jernalder på Verpekleiva på Åkre

3 Automatisk freda kulturminne til lokalt kulturminnevern

3.1 Automatisk freda kulturminne

I Høyanger kommune er det registrert 35 lokalitetar med automatisk freda faste kulturminne frå før 1537. Dei fleste av desse er registrert som gravminne. Elles er her buplassar, fangslokalitetar, stølar og kokegroplokalitetar. Desse er registrert i Riksantikvaren sin database Askeladden og kan og søkast opp på www.kulturminnesok.no Gjenstandar, lause kulturminne, er levert inn og oppbevart på museum.



Bilete: Utgraving på Ekrene i Dalsdalen i Høyanger

Historisk museum ved Universitet i Bergen gav i 1954 ut ei lita bok med oversikt over forhistoriske minne frå dagens Høyanger kommune. *Førhistoriske minne i Sogn 10. Lavik prestegjeld*, av konservtor Per Fett. Same person har skrive om funn av automatisk freda kulturminne gjort i tidlegare Kyrkjebø kommune i *Bygdebok for Kyrkjebø band II gardssoga* som kom ut i 1963. Etter den tid er det gjort fleire nye funn av lokalitetar datert til før 1537, samtidig som dateringar av alt kjente lokalitetar via arkeologiske undersøkingar.

Desse funna har i stor gard vore gjort i samband med planlegging eller gjennomføring av ulike

byggeprosjekt. Resultata av dette arbeidet er publisert i rapportar frå desse prosjekta. I tillegg har det vore gjort ein del funn av enkeltgjenstandar som er levert inn til museum.

3.2 Freda kulturminne



Bilete: Futegarden i Alværa

I Høyanger kommune er det i 2015 registrert fire vedtaks- eller forskriftsfreda lokalitetar. Hovudhuset på futegarden Alværa, sett opp i 1773, vart vedtaksfreda i 1923. I desember 1992 vart Lavik prestegard vedtaksfreda med skriv frå Riksantikvaren. Dei freda bygningane er hovudhus frå tidleg på 1800-talet og Bispestova som truleg vart flytta til Lavik tidleg på 1800-talet. Bustadområdet Parken i Høyanger vart vedtaksfreda i 1993. Eit bygningsmiljø beståande av både arbeidarbustader og funksjonærbustader

oppbygd i perioden 1916-1928. Den psykiatriske klinikken Fylkessjukeheimen Tronvik vart sett i drift i 1956, og i 2011 vart fleire sentrale bygg ved den forskriftsfreda.

3.3 Kyrkjer



Bilete: Lavik kyrkje

Kyrkjene har ein spesiell status som kulturminne. Alle kyrkjer bygd mellom 1650-1850 har status som listeførte kyrkjer, desse er ikkje freda, men er sett på som verneverdige. Nokre kyrkjer som er sett opp etter 1850 er og listeførte. For Høyanger kommune sin del har Lavik kyrkje (1865), Kyrkjebø kyrkje (1869) og Ortnevik kyrkje (1925) slik status. Listeføringa inneber mellom anna att inngrep i eller endringar av kyrkjene skal avklarast med Riksantikvaren. Tiltak i eller i utomhusanlegg skal også avklarast med Biskopen i Bjørgvin.

3.4 Lokalt kulturminnevern

Kulturplan 1985-1996 Høyanger kommune, vart første gang handsama av hovudutvalet for kultur den 26.06.85 som sak 66/85. I planen er det eit eige kapittel om kulturvern, som i stor grad omhandlar kulturminnevernarbeid. Planen var retningsgivande for arbeidet med kulturminne i denne perioden.

Dette vart mellom anna formulert i prioritert mål. Eit av dei var: «Få utarbeidd nødvendige styringsreiskapar for å ta vare på bygningsstil og bumiljø i Parken og Byporten i Høyanger og andre stader, der verneverdige bygningar og bygningsmiljø er truga.»

Eit viktig bakteppe for dette arbeidet var at det på 1970- og 1980-talet vart sanert viktige bustadområde og bygningsmiljø i Høyanger, som Villabyen, Murgården og Folkets Hus. Eit viktig ledd i den vidare prosessen vart fredinga av Parken, samt andre tiltak for sikring av det byregulerte bygningsmiljøet i Høyanger sentrum. På slutten av 1990-talet vart det gjennomført ein stadanalyse, som tok for seg; dei naturgitte tilhøva, historisk utvikling over tid og korleis gater,

bygningar og grøntareal er organisert i forhold til kvarandre. Denne er attgjeven i Høyanger kommune si informasjons tidskrift *Høyanger spesial*. Nr. 1-99, som igjen vart følgt opp med *Høyanger spesial*. Nr. 2-99. Dette er ein tettstadfoldar som gir rettleiing for ombygging/vedlikehald av hus i 5 ulike homogene soner i Høyanger sentrum.

I kulturplanen er det eit prioritert punkt om bygging av eit industrimuseum ved Høyanger verk. I 1986 vart Vasskraftmuseet i Høyanger opna i deler av den nedlagde Kraftstasjon 1. I denne finn ein mellom anna eit av dei opphavlege kraftaggregata utstilt. I 1997 vart Høyanger Industristadmuseum opna i Byporten i regi av Høyanger kommune.

Eit av dei prioriterte måla i kulturplanen var å påskunde arbeidet med registrering av faste kulturminne gjennom SEFRAK-registreringane. Registreringsarbeidet vart for Høyanger kommune sin del gjennomført rundt 1990. Lokalitetane kan søkast opp på <https://fylkesatlas.no> der vil ein finne informasjon om alder og status.

Rundt 1990 vart det gjennomført ei storsatsing med innsamling av stadnamn i Sogn og Fjordane. I Høyanger kommune vart det totalt registrert om lag 13 000 stadnamn. Desse er mellom anna utgjevne i ein eigen katalog som kom ut i 1991. Dette materialet er seinare gjort tilgjengeleg på internett av Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane på deira nettside <https://www.fylkesarkivet.no> stadnamna kan og søkast opp på <https://fylkesatlas.no>

Rundt 1990 vart det gjennomført ei kartlegging av kulturlandskap og kulturmarkstypar i Høyanger kommune i regi av Sogn og Fjordane distriktshøgskule (Høgskulen i Sogn og Fjordane). Denne undersøkinga gjekk i stor grad ut på å finne fram til restane av kulturlandskap forma av det tradisjonelle jordbruket, der ein hadde som mål ta vare på noko av dette for ettertid. Resultatet av dette arbeidet er beskrive i ein eigen rapport. *Verdifulle kulturlandskap og kulturmarkstypar i Høyanger kommune* (1991).

3.5 Litteratur og forskning

Etter 1945 har det komme ut fleire lokalhistoriske utgjevingar med utgangspunkt i Høyanger kommune, som beskrive ulike typar kulturminne. Bygdeboknemnda for Høyanger (tidlegare Bygdeboknemnda for Kyrkjebø), har gjeve ut fleire bygdebøker. *Ættebok for Kyrkjebø*. (1949), (1981) og (1995). *Bygdebok for Kyrkjebø. Band II. Gardsoga*. (1963). *Bygdebok for Kyrkjebø og Lavik. Band III. Bygdesoge*. (1978). *Ættebok for Lavik*. (1983). *Stølar og stølsliv i Høyanger kommune. Strevsamt og fritt*. (2012). Desse bøkene tek i hovudsak for seg den historiske utviklinga og kulturminna til bondesamfunnet, men både i bygdesoga og stølsboka er industrien og den nye tida omtalt.

Høyanger historielag står bak utgjeving av det lokalhistoriske tidskriftet *Årbok Høyanger*, som har kome ut kvart år sidan 2011. I tillegg har det opp i gjennom åra kome ut ei heil rekke med lokalhistoriske utgjevingar, ofte knytt opp mot bedrift, lags- og organisasjonshistorie i form av jubileumsskriv. I denne samanhengen kan nemnast Høyanger Kjemiske industriarbeidarforening si utgjeving forfatta av Martin Byrkjeland. *Bluss. Arbeidarar og fagforeining ved Høyanger Verk 1916-1986*. (1991). I denne utgjevinga er utviklinga til industristaden Høyanger omtalt. For Vadheim sin del kan Asbjørn Vegard Sagen i ein artikkel i *Årbok for Sogn* 1996; *A/S Vadheim Elektrochemiske Fabriker* 1996, nemnast.

I samband med 100 årsmarkeringa av industristaden Høyanger i 2015 gav Høyanger kommune ut to bindsverket *Vatnet, verket og byen*, skrivne av Martin Byrkjeland og Jan Anders Timberlid.

Det er og gjort ein del forskning på hovudfag- eller masternivå for å belyse ulike sider av Høyanger si historie. For å belyse utviklinga til industristaden Høyanger er det skrivne to sentrale hovudfagsoppgåver i historie. Leif Ervik si; *Framveksten av industristedet Høyanger*. (1974) og Kjell Jarle Høyheim si; *Fagrørsla i Høyanger, 1916-1930* (1981).

Deler av Høyanger verk sitt fotoarkiv er omhandla i Gaute Ljotebø si masteroppgåve; *Høyanger i endring. Ein industristad si utvikling sett gjennom fotografiet* (2008). Johannes Kvestad si hovudfagsoppgåve; *Økonomisk og sosial utvikling i det noverande Høyanger (Kyrkjebø og Lavik) frå tida før 1350 til 1865*, er i si heilheit attgjeve i Bygdebok band III bygdesoga. Ingvild Olsen står bak; *Innføringa av elektrisiteten i Kyrkjebø kommune 1921-1964* (1995).

Ein vesentleg del av Mona Nielsen si hovudfagsoppgåve i kunsthistorie; *Med hjem skal landet bygges. Egne hjem og hagebevegelsen i Norge, utdrag fra boligsakens historie* (1984), beskrive bustadreisinga i Høyanger. I denne avhandlinga blir staden nytta som ein illustrasjon på praktisk gjennomføring av ideen om ein hageby.

I frå språkleg vitskapleg hald har det kome viktige bidrag som omhandlar immaterielle kulturminne frå Høyanger. Ingvild Hjetland har i si hovudfagsoppgåve komme med eit viktig bidrag i *Stadnamn frå Høyanger og Berge* (1979). Høyanger språket si utvikling er grundig omtalt i Randi Solheim si doktoravhandling; *Språket i smeltegryta. Sosiolingvistiske utviklingslinjer i industrisamfunnet Høyanger* (2006). Som og har resultert i ei bok; *Sosial smeltedigel – språklege legeringar. Om talemålsutvikling i industrisamfunnet Høyanger* (2010).

I tillegg er det gjennomført fleire oppgåver av ulike slag på bachelornivå (mellomfag) og av anna karakter som har relevans for kulturminne i frå Høyanger. Mellom anna er det komme fleire skrivne oppgåver ved studie i lokalhistorie ved Høgskulen i Sogn og Fjordane.



Bilete: Det gamle tunet på Sande der dikteren Olav Sande vaks opp.



Bilete: Massnesberget ved inngangen til Ikjefjord

4 Skildring

4.1 Tida før 1537, eldre tid

Korleis samfunnet i noverande Høyanger kommune var før 1537 veit vi i grunn lite om. Særleg veit ein lite om førhistorisk tid, til tida før ein fekk skrivne kjelder. Dei til no eldste kjende funna frå vårt område er frå Massnesberget, og er tidfesta til sein eldre steinalder til tida før 4000 f. kr.

Det er gjort funn frå yngre steinalder (**4000-1800 f. Kr**) på Massnesberget og enkelte andre stader som viser menneskeleg aktivitet og busetnad fleire stader i denne perioden.

Det er fleire funn av arkeologiske kulturminne frå i bronsealder (1800 - 500 f.Kr.) som dokumenterer busetnad og aktivitet fleire stader. I frå jernalder (500 f. Kr -1050 e. Kr) er det enda fleire kulturminne som viser til ulike typar menneskeleg aktivitet.

Den lokale topografien tilseier at dei som heldt til her i før denne tid nok budde spreitt der det var mogeleg å skaffe seg ein leveveg. Gamle gards- og stadnamn som ein reknar har sitt opphav frå den tid, gir ein peikepinn på kvar dei budde. Ser ein til dei arkeologiske kulturminna som er funne og samanliknar det med andre tilsvarande område, der det er fleire og meir analyserte funn frå steinalder. Levde nok dei første som slo seg til her av sinking, jakt og fiske. Etter kvart gjekk dei over til å dyrke jorda, og jordbruket utvikla seg til å bli hovudlevevegen.

Når ein kjem fram til mellomalderen (1050-1537 e. Kr) har vi noko meir å gå på. Ein har skriftlege kjelder frå tidleg 1300-tal der mellom anna kyrkjer og gardsnamn i frå vårt område er omtalt. Svartedauden i 1349 gjorde store innhogg i folketal og hadde nok ein stor innverknad på samfunnet, der mange gardar vart lagt aude.

Først ut over på 1500-talet byrja folketalet og samfunnet å ta seg oppatt. I mellomalderen var nok mykje av gardstrukturane i vårt område kome på plass, og levevegen var i den tid hovudsakleg knytt opp mot jordbruksdrift.

4.2 1537–1900: Nyare tid

Frå 1600-talet og frametter har vi relativt god informasjon om samfunnet med grunnlag i ulike typar kulturminner og frå skriftlege kjelder som til dømes skattelister (matrikkel), kyrkjebøker og rettsdokument. Det var det som ein kan beskrive som eit tradisjonelt bondesamfunn, der levevegen og næringsgrunnlaget i hovudsak var grunnlagt på jordbruk. Der prinsippa om sjølvberging og naturalhushald låg til grunn. Skogsdrifta var ei viktig binæring for mange. I den samanheng kan ein særleg nemne veden, som var ei viktig handelsvare. Der ein del lauvskog, ofte bjørk, vart hoggen kløyvde og transportert med jekter til Bergen og seld der. Fjorden var i den tida den viktigaste ferdselsvegen for bygdene langs Sognefjæra, som var namnet mange nytta om fjordstykket i ytre Sogn. I sjøen var det og fisk å hente til matauk.



Busetnaden var spreitt og folk budde i bygder og gardar der naturen gav plass langs fjorden, på hyller oppe i liene og i dalføre opp mot fjellet. Kyrkjestadene Kyrkjebø og Lavik fungerte som senter i kvar sin del av det området som i dag er Høyanger kommune. I den samanheng kan ein særleg nemne Lavik, som frå 1807 vart senter i det som var heitande Lavik Prestegjeld. I Lavik heldt futen Simen Hansen til på Alværa. Huset og garden var overteke av svigersonen, offiseren og eidsvollsmannen Ole Elias Holck.

Utover på 1800-talet kom det til ei gradvis endring i samfunnet. På mange vis byrja det i Vadheim. Frå gamalt av var her ein ferdselsveg opp mot Sande. I første halvdel på 1800-talet vart vegen oppgradert til kjerreveg oppover Ytredalen. I 1858 fekk staden fast stoppestad for dampskip. Vadheim var frå no eit av dei viktigaste samferdsleknutepunkta i fylket. Vadheim utvikla seg til å bli ein viktig handelsstad, og vart etter kvart ein del av turistruta. På 1890-talet kom det og i gang småindustri i Vadheim.



Bilete: Vadheim i 2006 med AS
Vadheim Elektrochemiske
Fabriker nærmast

4.3 Etter 1900, moderne tid

I 1907 starta AS Vadheim Elektrochemiske Fabriker med produksjon av natriummetall. Den kraftkrevjande industrien gjorde sitt første inntog i distriktet. Men det store skiftet kom i den til då avsidesliggende bygda, som frå 1916 vart til industristaden Høyanger. Den einsidige industristaden tufta på aluminiumsproduksjon utvikla seg og til å bli kommune- og regionsenter med mellom anna handel, sjukehus og vidaregåande skule.

Det var ikkje berre eit omfattande omskifte på industristadene. Innfor jordbruket kom det til ei omstilling som for alvor tok til i vår del av landet mot slutten av 1800-talet. Jordbruksdrifta orienterte seg no meir mot marknad og pengehushald, og nye metodar for gardsdrift kom gradvis til.



Bilete: Høyanger anno 1919

Heile 1900-talet har vore ein stor moderniseringsperiode der samferdsel og energitilgang lenge var det sentrale. I 1900 var det utanom køyrevegen (kjerrevegen) frå Vadheim til Sunnfjord, berre nokre få bygdevegar. 90 år seinare gjekk det, med unntak av for Måren, samanhengane veg langs

på begge sider av fjorden. I 1900 var veden framleis ei viktig handelsvare og energikjelde. I 1930 var aluminium produsert ved hjelp elektrisk straum frå vasskraft den viktigaste eksportvara og inntektskjelda. Først i 1960 hadde dei aller fleste husstandane i området vårt fått innlagt straum.



Bilete: Osland Havbruk var på tidleg 60-talet under namnet Osland Ørretoppdrett (seinare Eros Laks) stifta av oppdrettspioneren Erling Osland

På 1970-talet var deler av den gamle industrien i Vadheim og Høyanger forelda. Det kom til ein modernisering av industrien på begge stader. I den vestlege verden inkludert Noreg, har den tradisjonelle industrien dei seinare år vore på vikande front. Dette har også vore merkbart for Høyanger. Som frå rundt 2000 har mista fleire industriverksemder og mange tradisjonelle industriarbeidsplassar.

På 1960-talet fekk vi i Noreg ei ny næring som delvis hadde sitt opphav i vår kommune. Pioneren Erling Osland starta i 1962 opp med fiskeoppdrett. Verksemda hans lever framleis i form av Osland Havbruk i Bjordal. Oppdrettsnæringa er i dag langt på veg den viktigaste næringa på sørsida.

Siste halvdel av 1900-talet vaks den norske velferdsstaten fram. Industristaden Høyanger var tidleg ute med eit tilnærma velferdssamfunn alt på 1930-talet med mellom anna sjukehus. Resten av kommunen og fylket kom gradvis etter. I 1956 vart det bygd ein eigen moderne psykiatrisk klinikk på Tronvik. Ein av dei første av sitt slag i landet.

Framleis bur folket i Høyanger spreitt over heile kommunen, men dei fleste innbyggjarane er no busett på tettstader. Der kommunesenteret Høyanger er den klart største. Bygdene Vadheim, Kyrkjebø og Lavik har tettstadstatus.

Ved inngangen til 1900-talet var jordbruket den sentrale næringa. Utover 1900-talet utvikla industrien seg til den viktigaste næringa, og sette sitt tydelege preg på samfunnet. Samla sett markerte 1900-talet ein total gjennomgripande omskifte frå tradisjonelt bondesamfunn til eit moderne industrisamfunn. Ei utvikling som har generert og etterlete seg mange viktige kulturminne av ulik karakter som det er verdt å ta vare på.



Bilete: Byplanen frå 1917 av arkitektane Morgenstjerne & Eide

5 Forvaltning

5.1 Kriteria for automatisk freding av kulturminne

Faste kulturminne frå før 1537 er automatisk freda etter kulturminnelova. Alle ståande byggverk med opphav frå tida fram til og med 1649 er òg automatisk freda.

5.2 Kriteria for vern og freding av kulturminne

Vi kan ikkje ta vare på alle kulturminna. Det er difor nødvendig å gjere eit utval, og ein må i kulturminneforvaltninga kunne gjere greie for kvifor nokre kulturminne er meir verdifulle enn andre. Det er nødvendig å klargjere vurderingane som ligg til grunn for prioritering og utveljing av kulturminne og kulturmiljø. Dei faglege vurderingane som det er lagt vekt på er:

- Representativt
- Samanheng og miljø
- Autentisitet
- Fysisk tilstand
- Arkitektonisk og kunstnarisk kvalitet
- Identitet og symbol
- Økonomi og bruk
- Økologi

Eit kulturminne eller kulturmiljø kan knytast opp mot fleire kriterium. Kva som skal leggjast mest vekt på, er avhengig av dei aktuelle kulturminna eller kulturmiljøa ein har med å gjere. Kriteria kan utfylle og underbyggje kvarandre, det kan leggjast meir vekt på enkelte kriterium enn andre. Det er dei same kriteria som skal brukast enten det gjeld vern/freding eller dispensasjon. Kvar for seg og saman representerer dei kunnskapsverdiar, opplevingsverdiar og bruksverdiar.

5.3 Kunnskapsverdiar

5.3.1 Representativt



Bilete: Tronvik – Helse Førde

Representativt handlar om i kva grad eit eller fleire kulturminne er typiske eller karakteristiske for ei større gruppe kulturminne. Kriteriet kan brukast på to nivå, som overordna kriterium eller som kriterium for vurdering på objektnivå. På objektnivå kan det brukast for å samanlikna og prioritere slik at ein vel dei kulturminna som best mogeleg representerer dei verdiane ein ønskjer å ta vare på. På overordna nivå skal eit representativt utval av kulturminne og kulturmiljø sikrast varig vern for å kasta lys over heile historia. Utvalet må vise breidda av spor etter menneska sine liv og levemåte.

5.3.2 Samanheng og miljø



Kva for kunnskap vi kan få fram, er avhengig av om ein vernar enkeltobjekt eller om ein tek vare på fleire element som utgjer ein større samanheng. Denne samanhengen, i tid og rom, funksjonelt og sosialt, kan gje oss meir kunnskap ut over det eit enkeltobjekt kan.

5.3.3 Autentisitet



Bilete: Trafoskiosk i Høyanger sentrum

Autentisitet tyder at noko faktisk er slik som det gjer seg ut for å vere, om det er ekte og opphavleg. For at det skal gje meining, må autentisiteten alltid settast i samanheng med noko, til dømes: i forhold til tid, rom og/eller funksjon. Levetida til materialet er vesentleg når autentisitet skal vurderast. Som hovudregel vil det vere eit minstekrav til mengde originalmateriale i kulturminne for at det skal ha høg verneverdi. Ein bygning eller eit anna kulturminne kan vere i så dårleg forfatning at bevaring fører til ei så stor utskifting at autentisiteten vert svekka.

5.3.4 Fysisk tilstand



Bilete: Bispestova i Lavik

Det må vurderast om kulturminne eller kulturmiljøet er i ein slik fysisk tilstand at det let seg gjere å bevare. Der ein har valet mellom fleire mogelege miljø eller objekt, vil det vere naturleg å velje det som er i best stand.



Bilete: Byporten og torget er eit mykje nytta område i sentrum som gjev oppleving

5.4 Opplevingsverdiar

5.4.1 Samanheng og miljø

Det har alltid vore ein nær samanheng mellom landskap, naturressursar og menneskeleg aktivitet. Til dømes har fjorden og vassdraga som renn ut i den vore ein vesentleg lokaliseringsfaktor for busetjing, næringsverksemd og ferdsel i vårt område. Gjennom planlegging er det mogeleg å oppretthalda og vidareutvikle dei historiske elementa slik at ein beheld forståinga og karakteren av staden.

5.4.2 Arkitektonisk og kunstnariske kvalitetar



Arkitektonisk utforming, kunstnariske og handverksmessige kvalitetar er med på å gje kulturminna verdi. Til dømes kan hagar, parkar og grøntareal vere med å understreke det arkitektoniske uttrykket og forsterke bygningane sin verneverdi.

Bilete: Prosjekterte "Byskolen" i samsvar med overordna reguleringsplan

5.4.3 Identitet og symbol

Mange kulturminne og kulturmiljø har særlege kvalitetar som gjer at ein kjenner seg igjen og ein får ei tilknytning. Det kan vere relatert til konkrete hendingar eller personar som er knytt til staden, eller til tradisjon eller bruken av området over tid. Kulturminna kan vere med på å gje identitet for folk lokalt, regionalt eller nasjonalt.

5.5 Bruksverdi

5.5.1 Økonomi og bruk



Bilete: Trappene til kraftanlegg 1 vert mykje nytta til rekreasjon

Eigarar vil normalt ta vare på bygningar og anlegg som framleis har ein bruksverdi, og er den enklaste og rimelegaste måten å verne på. Normalt vil kostnadene slik bli haldne nede gjennom jamleg bruk og vedlikehald. Dersom tilstanden er god, kan økonomiske og kulturhistoriske argument byggje kvarandre opp til fordel for vern.

5.5.2 Økologi



Bilete: Verne- og forvaltningsplan for Parken

Bruk av eksisterande bygningar og anlegg har langsiktige og positive effektar for miljøet. Dette kan vere ein vesentleg faktor som blir vurdert i høve til miljøbelastninga ved å rive og bygge nytt. Det vil i tillegg vere nødvendig å sjå på moglegheiter for gjenbruk av materialar ved ombygging eller riving.

5.6 Vernekategoriar og forvaltning

Dei nemnde verdivurderingane ligg til grunn for å ta vare på, verne eller frede kulturminne og kulturmiljø.

5.6.1 Forvaltning med heimel i Kulturminnelova

Kulturminne og kulturmiljø som er freda eller vert foreslått freda, har høg nasjonal verneverdi. Alle faste kulturminne frå før 1537 og alle ståande bygg og anlegg erklært eldre enn 1650 er automatisk freda etter Kulturminnelova. Nyare verneverdige bygg og anlegg kan sikrast med vedtaksfreding eller forskriftsfreding i samsvar med Kulturminnelova. Lova fastset ei rekkje forbod og påbod i samband med freding.

Det er Riksantikvaren som har myndigheit til å gjere vedtak om freding, og som har det faglege ansvaret i kulturminneforvaltninga. Fylkeskommunen er regional styresmakt og forvaltar statleg ansvar gjennom delegerte oppgåver frå Riksantikvaren. Kulturminneforvaltninga i fylkeskommunen er gjevne avgjerslemynnde i fleire saker som omhandlar kulturminne og fører tilsyn med freda kulturminne. Fylkeskommunen kan foreta mellombels freding.

5.6.2 Kommunen si forvaltning

Kommunen har ei viktig rolle i kulturminneforvaltninga. Den har ansvaret for forvaltning av eigne kulturminne, og skal vere ein pådrivar i forvaltninga av andre offentlege og private kulturminne. For kommunen er Plan og bygningslova (PBL) eit viktig verkemiddel

Faste kulturminne og kulturmiljø som er vurdert til å ha stor lokal og regional verdi bør sikrast med særskilte tiltak. Kommunen kan her gjere eit prioritert utval av faste kulturminne. I varetaking skal skje i samarbeid med grunneigar og brukar, og/eller ved regulering i omsynsoner i tråd med Plan- og bygningslova. For særleg viktige kulturminne og kulturmiljø bør det gjelde eit generelt rivingsforbod. Dei prioriterte faste kulturminna eller kulturmiljøa skal registrerast med foto og innførast i Riksantikvaren sin database Askeladden.

I det opphavlege byregulerte Høyanger sentrum er deler av bustadområde freda eller omfatta av omsynssone. For på best mogleg vis å ivareta dei bymessige kvalitetane skal tettstadfoldar/ byggjerettleiar for huseigarar som ønskjer å pusse opp og/eller bygge på husværa sine vere retningsgivande.

5.6.3 Private eige



Bilete: Ungdomshuset på Nessane

Det store fleirtalet av kulturminna i Høyanger kommune er i privat eige, der eigar/grunneigar har skjøtsels- og vedlikehaldsansvaret. Eigara tek vare på kulturminna og kulturmiljøa sine fordi dei betyr noko for dei, eller fordi dei har ein bestemt funksjon. Det er deira innsats, vilje, kompetanse og erfaring som er avgjerande for om kulturminna/ kulturmiljøa blir ivaretekne på en god måte. Mange frivillige lag- og organisasjonar er og eigarar av viktige kulturminne.

Forvaltning av nokre av desse private kulturminna kan vere særskild ressurskrevjande i høve til både kunnskap og kostnader. Kommunen kan om nødvendig vere behjelpelag med skjøtsel av desse gjennom ulike tilskot- og støtteordningar. Dei kan og vere aktuelt å organisere skjøtsel, skilting eller andre formidlings-, innsamlings- eller sikringstiltak av kulturminne. Dette kan eventuelt skje via ulike frivillige lag- og organisasjonar, eller av privatpersonar.



Bilete: Arbeidarar og funksjonærar i kraftstasjon 1

6 Strategiplan for kulturminnevern

6.1 Kulturminne

I Høyanger kommune er det mange kulturminne av ulike karakter. Kulturminna er viktige kunnskaps- og identitetsberarar som er med på og fortelje oss kven vi er.

6.1.1 Satsingsområde 1 - prioritering av kulturminne

Etter kvart som åra går forsvinn og forvitrar fleire av kulturminna. Alt kan ikkje takast vare på. Det er vår oppgåve å velje ut og prioritere dei kulturminna vi vil ta med oss inn i framtida.

6.1.2 Satsingsområde 2 - auke kunnskapsgrunnlaget

Eit anna viktig side ved kulturminneforvaltninga er å auke kunnskapsgrunnlaget om kulturminna. Dette er viktig på fleire område. I den kommunale forvaltninga, der kunnskapen om kulturminna vil gje betre planarbeid. For lokalsamfunnet, der kulturminna er med på gi betre kunnskap og forståing av fortida. I næring, der kulturminna er viktige opp i forhold til turisme.



Kvernhus på Berg, restaurert 2019

6.2 Faste kulturminne

Kulturminne frå før 1537 er automatisk freda j.fr kapittel 4.1. Riksantikvaren har teke serleg ansvar for enkeltbygg og bygningsmiljø frå nyare tid gjennom fredingstiltak. Men det er og andre bygg og infrastruktur som har stor bevaringsverdi. Her er det kommunen si oppgåve gjennom si kulturminneforvaltning og sikre at desse blir teke vare på for framtida.

Kulturminneplanen vil prioritere nokre faste kulturminne og kulturmiljø som får eit særskilt vern. Prioriteringane bygger på faglege vurderingar der det blir lagt vekt på kunnskapsverdiar, opplevingsverdiar og bruksverdiar j.fr kapittel 5.2.

Kulturminneplanen for Høyanger kommune legg opp til vurdering av faste kulturminne på to nivå:


6.2.1 Prioriterte kulturminne og kulturmiljø.

Prioriterte kulturminne og kulturmiljø som har vesentleg nasjonal, regional og lokal kunnskaps-, opplevings- og bruksverdiverdi. Dette er særskilte kulturminne som betyr noko for lokalsamfunnet og som Høyanger kommune særskilt ønskjer å ta vare på for framtida. Dei prioriterte kulturminna må sikrast gjennom kommunal forvaltning og planvedtak.

6.2.2 Andre registrerte kulturminne og kulturmiljø

Andre registrerte kulturminne har generelle kunnskaps-, opplevings-, og bruksverdiar for lokalsamfunnet, enkeltgrupper og enkeltmenneske. Dette er kulturminne eller kulturmiljø som er registrert på Kulturminnesøk og i SEFRAK-registeret eller andre stader.

6.2.2.1 Saksgang



Det er Høyanger kommune si oppgåve å registrerte og prioriter faste kulturminne etter rådande retningslinjer jf. Kap 5.2. Høyanger kommune kan på eige initiativ registrere og prioritere kulturminne, dette må skje i samråd med eigar/grunneigar. Endeleg prioritering skjer ved politisk vedtak. Dei prioriterte kulturminna skal registrerast i Riksantikvaren sin database Askeladden.

Også andre som ønskjer det kan registrere sine eigne kulturminne og kulturmiljø på nettdatabasen Kulturminnesøk (www.kulturminnesok.no). Ei slik registrering av kulturminne må skje i samråd med eigar/grunneigar. Publikum/innbyggjarar kan melde inn aktuelle kulturminne for prioritering.

6.2.2.2 Faste kulturminne frå eldre tid, før 1537

Faste kulturminne frå før 1537 er automatisk freda, der Riskantikvaren har forvaltningsansvaret. Høyanger kommune og lokalsamfunnet har som oppgåve ta vare på og sikre lokalitetane i tråd med Riksantikvaren sine krav. Samtidig er det og viktig å formidle kunnskap om desse. Lokalitetane er registrert i Riskantikvaren sin database Askeladden og kan søkast opp på www.kulturminnesok.no. På denne nettstaden kan ein legge ut fotografi av lokaliteten. Eit tiltak for å få ut meir kunnskap om desse kulturminna kan vere skilting med informasjon om objektet.



Solrenningane i Stølsheimen

6.2.2.3 SEFRAK-registeret

I frå tida då det tradisjonelle bondesamfunnet rådde, perioden 1537 til 1900, er SEFRAK-registeret eit viktig hjelpemiddel i kulturminneforvaltninga. For Høyanger kommune sin del er det registrert 1333 bygningar og restar etter bygningar i dette registeret. Dei kan mellom anna søkast opp via www.fylkesatlas.no

Kvart objekt er her kategorisert med status. Raud trekant tyder meldplikt ved riving (kulturminnelova § 25). Gul tyder andre ståande bygg. Grå tyder ruin eller revet. Det har gått ei tid sidan registreringa var gjennomført, og ein må vere merksam på at status for fleire av objekta er endra. I tillegg er det fleire bygg og ruinar frå denne perioden som ikkje er oppført i SEFRAK. Infrastruktur frå jordbruksdrift i form av kulturmiljø og kulturlandskap som til dømes steingardar, er ikkje registrert her.

Det har dei seinare år vore gjennomført ein del restaurering og istandsetting av bygningar med støtte frå offentlege midlar via landbruksetaten, omtalt som SMIL-midlar. Tilstanden på husa frå denne perioden varierer ein del, der fleire SEFRAK-registrerte hus er i forfall, der ein del hus er reve eller har gått tapt på anna vis etter at registreringa vart gjennomført.

SEFRAK-registeret er digitalisert og kan vere eit viktig reiskap i kulturminneforvaltninga. Men ein må vere merksam på at kvaliteten på registreringane kan vere variabel, mellom anna er tidfestingane som er oppgjeve ofte usikker. I Høyanger kommune er det og registrert fleire hus som er oppført etter 1900.

6.2.2.4 Samferdsel



Bilete: Gamle Ytredal bru i Vadheim

Det har vore ei grunnleggjande endring dei siste 200 åra der hovudferdselsvegen har gått frå sjø til veg. Starten på dette var bygging av køyreveg frå Vadheim opp Ytredalen mot Sunnfjord. Den gamle steinbrua i Ytredalen frå byrjinga av 1800-talet markerer på mange vis starten på dette. I Ytredalen er det spor etter fleire veganlegg frå ulike periodar. Rundt om i kommunen er det mange spor og restar etter ulike typar infrastruktur nytta til samferdsel og kommunikasjon frå tidlegare tider. Fleire stader finn ein viktige kulturminne ved fjorden frå tida då sjøen var ferdselsåra og nytta til fiske.

Den gamle steinbrua i Ytredalen er godt synleg og i vareteken, og er eit viktig kulturminne som fortel om samferdsel på 1800-talet. Kva med resten av vegen? Kva med vegane andre stader? Korleis få dei fram? Kvar gjekk dei gamle ferdsleårane?

6.2.2.5 Det byregulerte Høyanger

Høyanger kommune er sterkt forma og prega av industrireisninga på 1900-talet, og har ei særskilt rolle i så måte regionalt for Sogn og Fjordane. Det er og viktige element i Høyanger som har nasjonal verdi. Særleg gjeld dette det byregulerte Høyanger sentrum.

Høyanger sentrum er regulert og bygd opp med grunnlag i ein byplan av utbyggjar Naco. Dette gjev eit samla byregulert kulturmiljø, der heilskapen i kulturmiljøet som den opphavlege reguleringsplanen gav er ein særskild viktig del. Det har vore gjort mykje godt arbeid i høve til kulturminnevern i det byregulerte bygningsmiljøet. Bustadområdet Parken er freda, og deler av bygningsmiljøet i sentrum av Høyanger er regulert gjennom omsynssoner. Dette området samsvarar og med Riksantikvaren sitt NB!-Register, med oversikt over nasjonale kulturhistoriske bymiljø. Det er andre bygningsmiljø i det byregulerte området som ikkje er omfatta av omsynssone eller andre tiltak. Skulebygningane frå 1920- og 1930-talet og Valhall på Hjetland. Den eldste delen av Egne hjem busetnaden frå 1924 er heller ikkje teke med i omsynssona.

For å sikre dei kulturhistoriske verdiane vart det i 1999 utarbeid ein stadanalyse for Høyanger sentrum følgd opp med ein tettstadfoldar for praktisk rettleiing for ombygging og vedlikehald i dei aktuelle områda. Desse er retningsgivande i store deler av det byregulerte bustadmiljøet i Høyanger, og er eit viktige verktøy i byutviklinga. Det er enkeltelementa som til slutt skapar heilskapen. Den enkelte huseigar har ansvar for sin eigedom, medan det er Høyanger kommune som har det overordna ansvaret for at retningslinene vert følgde.

6.2.2.6 Teknisk- og industrielle kulturminne

Tekniske- og industrielle kulturminne er prioritert satsingsområde for denne planen. I Høyanger kommune er det ein del tekniske- og industrielle bygningar og infrastruktur. Særleg er her fleire kraft- og fabrikanlegg. Skal ein vurdere noko av dette som potensielle prioriterte kulturminne, så må ein søke å avgrense det noko. For industristaden Høyanger sin del kan ein i denne omgang sjå på det som hovudutbyggar NACo i si tid bygde opp. Det vil for Høyanger sin del omfatte perioden 1916-1970.



Bilete: Frå vasskraftmuseet med turbinar frå Pelton Company

Når det gjeld kraftanlegg er den første utbygginga i 1916-17 særskild viktig for Høyanger si historie og identitet. Det var då industri-eventyret byrja. Dette anlegget er i ettertid omtalt som Kraftanlegg 1 og omfattar Kraftstasjon 1, røyrgrater, trallebane, trapper og dammar i fjellet. Inkludert her er og utbyggingane i Breidalen i første halvdel på 1920-talet. Kraftstasjon 1 og røyrgratene er tekne ut av drift etter modernisering av kraftanlegga på 1970- og 1990-talet. Der Kraftstasjon 1 har fått nytt bruksområde og er i dag nytta til lager og verkstad.

I eine delen finn ein i eit vasskraftmuseum. Høyanger kommune ønskjer å ta vare på det som er igjen av dei utfasa kraftanlegga.

I 1938 stod den då nye Kraftstasjon 2 klar framme i dalen, og produserte kraft med vatn frå Eriksdalen. På 1950-talet kom det til ei ny kraftutbygging og utviding av denne kraftstasjonen. I 2014 vart Kraftstasjon 2 utfasa, og ein ny kraftstasjon inne i fjellet sett i drift.

I samband med modernisering av kraftanlegga i Høyanger, har utbyggjar Statkraft varsla at nokre av dei eldste og no utfasa kraftanlegga skal rivast. Høyanger kommune har i den samanheng bedt Riksantikvaren om å vurdere vern av desse.

Eit anna viktig teknisk- og industrielt kulturminne når det gjeld straumforsyning er transformator kiosken i Hagegata frå 1928. Denne fortel ei viktig historie om straumforsyninga i Høyanger.



Administrasjonen til Hydro Aluminium Høyanger i starten av Storgata og regulerte og prosjekterte Parken. Alt tufta på byarkitektane Morgenstjerne & Eide sine planar

Inne på fabrikkområdet i Høyanger er det ikkje autentiske produksjonsanlegg for aluminium frå før 1970. Men ein finn enkeltelement av bygg og anna infrastruktur inne på fabrikkområdet av teknisk- og industriell kulturminne frå den tidlege perioden. I denne samanheng er gamle Kraftstasjon 1 alt trekt fram. Av andre bygg som kan sjåast på som tekniske- og industrielle kulturminne, er administrasjons-bygning frå 1916 og gamle fabrikkporten frå 1924 med tilhøyrande

bygningar på kaien, særleg interessant. Spesielt med si lokalisering, der dei ligg mellom det freda området Parken og fabrikkken. I byplanen frå 1917 stråla alle gateløpa utifrå fabrikkporten. Kaia med fabrikkporten og administrasjonsbygningen var den opphavlege innfallsporten til Høyanger.

Industrireiseinga i Vadheim starta mot slutten av 1800-talet. Den tradisjonelle kraftkrevjande industrien er i dag avvikla for Vadheim sin del. På Dyrnesliøyra og i Kråkevika står det framleis igjen bygningar og anna infrastruktur frå ulike periodar med ulik industriverksemd. Kraftproduksjonen er framleis i gang ved det som i dag er nemnd som Dyrnesli kraftverk. Dyrneslivassdraget vart utbygd frå 1906, og er modernisert i fleire omgangar etter dette. Ein har på det noverande tidspunkt for liten kunnskap og oversikt over kva som er av tekniske- og industrielle kulturminne i Vadheim. Dette må kartleggast før ein kan gi noko grunnlag for eventuelle prioritering av slike kulturminne i Vadheim.

Det er og restar og spor etter tidlegare industriell verksemd andre stader i kommunen. Det mest i augefallande er det gamle skipsbyggeriet i Ortnevik. Bygningane her er prega av forfall, og her må det skje ting raskt om ein vil ta vare på kulturminneverdiar.

6.2.2.7 Jordbruk etter 1900

Jordbruksnæringa har etter 1900 vore gjennom fleire grunnleggjande omleggingar. Det meste av bygningsmassen, infrastrukturane og innmarksarealet i denne næringa er omskifta og modernisert på 1900-talet. Jordbruksnæringa har vore gjennom ein kontinuerleg omstillingsprosess, som i dag har medført at det no er eit fåtal aktive gardsbruk som er i drift. Men det står framleis igjen fleire bygningar og gardsmiljø og infrastruktur frå ulike epokar med gardsdrift. Utfordringa er; kva finst, kva skal ein eventuelt ta vare på og korleis skal ein ta vare på det? Jordbruksdrift og bygningsmiljø frå 1900-talet er noko som ein bør byrje å tenke på i høve til å prioritere det som kulturminne og kulturmiljø.

6.2.2.8 Vadheim



Bilde: Vadheim sentrum med Ferdamannen til venstre

Vadheim var lenge ein viktig samferdselsknutepunkt, handelsstad og industristad. Bygningsmiljøet i sentrum frå kaia og ut mot den gamle direktør-bustaden Casa Blanca representerer fleire stilperiodar, som fortel om handel og aktivitet i skjeringspunktet mellom bonde-samfunnet og industris-amfunnet. I dette kulturmiljøet er det mange viktige kulturminnekvalitetar som ein må søke å ta vare på. Ein stadanalyse frå 2000 og ein konsekvensutgreiing frå statens vegvesen i samband med planlagd vegbygging på E39 frå mars 2015 peikar på desse elementa.

6.2.3 Krigsminne



Frå andre verdskrigen 1940-1945 finst det fleire stader restar etter bygg og teknisk infrastruktur som dei tyske okkupantane bygde opp. I all hovudsak er det her snakk om militære anlegg. Fleire av desse ligg i område som no er tilgrodd, og dei er generelt prega av aukande forfall.

Bilete: Krigsminne på Klævoldsneset - strategisk godt plassert med utsyn over Sognefjorden og innløp til Vadheimsfjorden

6.2.4 Midlar til restaurering

Det kan vere kostnadskrevjande og halde gamle hus og anna infrastruktur i stand. Ønsker ein å restaurere faste kulturminne, så er det mogleg å søke om offentlege midlar frå fleire hald.

For kulturminne som er relatert til jordbruksaktivitet, er det mogleg å søkje om SMIL-midlar (Spesielle miljøtiltak i jordbruket). Informasjon og søknadsskjema kan hentast hos miljø, næring og skogbruk i Høyanger kommune <https://www.hoyanger.kommune.no/tenester/plan-bygg-og-naring/landbruk/tilskot-i-jordbruket/>

Hos Norsk kulturminnefond kan ein søke om midlar til restaurering. Dei har søknadsfrist kvart år 1. november <https://www.kulturminnefondet.no/>

6.2.5 Formidling av kulturminne



Bilete: Fornminna er ein del av naturstien til Massnes Vilmarksmuseum

Riksantikvaren sin nettportal Kulturminnesøk www.kulturminnesok.no er den allmenne nettstaden for formidling av informasjon om faste kulturminne. Men det er fleire metodar å formidle og innhente informasjon om kulturminne på.

Skilting på staden med namn og gjerne meir utfyllande informasjon er ein god og velbrukt måte. Ein anna metode er å innhente informasjon på er ved hjelp av digitale verktøy som mobiltelefon eller nettbrett. Dette kan gjerast via lenker frå QR-kodar, der ein søker opp informasjon via internett eller andre digitale media. Det

har dei seinare år vore ei rivane utvikling på dette området.

Informasjon om kulturminner av alle typar kan ein mellom anna søkast opp via den offentlege søkemotoren www.digitaltmuseum.no. Via denne nettstaden kan ein søke opp faktaopplysingar og forteljingar om ulike kulturminne som er lagt ut frå kulturinstitusjonar og privatpersonar.

Det finst og fleire private nettsider der ein kan legge ut og innhente informasjon om kulturminne. Ei slik side er www.lokalhistoriewiki.no. Norsk Turistforening og NRK samarbeider om ei nettside www.ut.no. På denne er det mogleg å kartfeste turløyper. Dette er ein fin stad der ein til dømes kan finne gamle stølsvegar eller andre ferdsselsvegar. Her kan ein mellom anna legge ut bilete og informasjon frå ruta.



Bilte: Strikkevest i utstillinga til Høyanger Industristadmuseum. Skrin frå Bjordal, og åklede frå Måren som er i privat eige

6.3 Lause kulturminne

Dei fleste kjente lause kulturminne frå før 1537 er i dag å finne på museum. Framleis ligg nok mykje arkeologisk materiale under jorda rundt om. Det er finnar av eventuelle gjenstandar si oppgåve ta vare på dei på ein sikker måte og formidle funna til rette offentlege instans. Er det gjort funn av gjenstandar ein trur er frå før 1537, skal ein ta kontakt med Kulturavdelinga i Vestland fylkeskommune <https://www.vestlandfylke.no/kultur/kulturarv/>

Det er mogleg for kommune, private eigarar, verksemdar, lag og organisasjonar å levere inn lause kulturminne (gjenstandar) som ein meiner har verneverdi til museum. For Høyanger kommune er nok det meste relevant til dømes å levere inn gjenstandar frå det tradisjonelle bondesamfunnet til De Heidberske samlinger – Sogn Folkemuseum <http://www.dhs.museum.no>. Ein kan søke opp gjenstandar på desse musea samt foto frå offentlege museum på www.digitaltmuseum.no.

Dei fleste lause kulturminna er i privat eige. Dette er gjenstandar som folk av ulike årsaker ønskjer å ta vare på. Dei fortel ofte viktige gards- og eller familiehistorie. På nokre gardsbruk har ein teke vare på reiskapar og utstyr frå slutten av 1800-talet, og kanskje enda lenger attende i tid, og fram til i dag. Rundt om på gardar og i ulike heimar er det er og teke vare på ein del møblar og anna innbu frå ulike epokar. Eit særskilt viktig moment her er handarbeid og husflid. Her finst nok ein del gjenstandar og klede rundt om som er produsert lokalt. Dette er viktige kulturminne å ta vare på som fortel om handverk- og handarbeidstradisjonar. Lause kulturminne av ulike typar kan og ha allmenn interesse.

6.3.1 Høyanger Industristadmuseum

Høyanger kommune driftar Høyanger Industristadmuseum (HIM), som vart etablert i Byporten i 1997. Museet har først og fremst som oppgåve å ta vare på og formidle industristaden Høyanger si historie. Museet har ein del lause kulturminne med relevans til industristaden Høyanger og elles i kommunen både i utstillinga og på magasin. I den faste utstillinga er gjenstandane saman med foto og tekst med på å fortelje ulike sider ved lokalsamfunnet si historie. Nettstaden til museet finn ein mykje relevant informasjon <https://industristadmuseet.wordpress.com>

Fleire av gjenstandane på museet er registrert i BiblioFil, og kan søkast opp på nettstaden <http://www.hoyanger.folkebibl.no/cgi-bin/websok-bilde?mode=sok&st=publikum&tpid=30345>

6.3.2 Massnes Villmarksmuseum

Massnes Villmarksmuseum vart opna i 1992 og byr mellom anna på naturhistoriske- og kulturhistoriske utstillingar. Museet har teke vare på fleire gjenstandar av ulik karakter med lokal tilknytning.

6.4 Immaterielle kulturminne



Bilete: Dans på Solnipa i 1920. I tida stølane var i drift samlast dei gjerne ein gong om sommaren til stølshelg. Søreide, Østerbø, Dyrdal og andre frå Strendene hadde stølshelg same helga. Då samla dei seg på Solnipa like ved fjellstølen til Dyrdal for dans og moro. Var det pent vêr kunne det fort vere 200-300 menneske samla her

Under samlenemninga immaterielle kulturminna er det mykje som kan publiserast. Her finn ein kvardagslivet, korleis folk utførte ulike arbeids-oppgåver i form av handarbeid-, handverks- og arbeidsmetodar, samt hendingar m.m. Her kjem og uttrykk som språk, diktning og musikk. Folketru som, segner, eventyr, forteljingar og overtru av ulik karakter kjem og inn her. Alt dette kan formast om til arkiverbart materiale. Ein del av dette er nedskrive. Bruk av lyd- og filmopptak er ein velbrukt metode å dokumentere ein del av denne sida av kulturhistoria vår.

Når det gjeld immaterielle kulturminne, så har fleire museum, arkiv, andre institusjonar og private samla

inn og arkivert slikt materiell frå Høyanger kommune. Ein viktig aktør i på dette feltet er og har vore Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane. Via deira nettside <https://www.fylkesarkivet.no/> kan ein søkje opp ulike immaterielle kjelder.

6.4.1 Lokalhistorisk arkiv



Bilete: Framsida frå oppsettinga "Som ringar i vatn". Høyanger si historie vart desse dagane fortalt gjennom lyd, lys, bilete, song, musikk, dans, drama og andre effektar

Det som kan inngå i eit lokalhistorisk arkiv av immaterielle kulturminne er; nedskrivne tekstar, forteljingar, dikt, notar og anna immaterielt kulturminnemateriale i skrifteleg form. Arkivere og ta vare på eldre analoge lyd- og filmopptak. Ei anna særskild viktig oppgåve blir å ta vare på nyare digitale opptak i form av lyd og film. Opptak av personar og grupper eller av kulturarrangement og liknande. Det er her snakk om å arkivere digitale filer via eigna datautstyr.



6.5 Døme på tiltak i kulturminnearbeid

I målsettinga før kulturminneplanen er det lagt opp til at ein i denne omgang skal prioritere tekniske- og industrielle kulturminne. Det er og lagt opp til at bygdelaga sine egne valde prioriterte kulturminne skal registrerast. Utifrå det utvalet av kulturminne som er registrert til no er dette kulturminna og kulturmiljø prioritert. Sjå handlingsprogram.

Implementere system for registrering og prioritering av faste kulturminne i den kommunale forvaltninga.

- Registrere i Askeladden og dedikerte nettoppslag på kommunen si nettside

6.5.1 Tekniske og industrielle kulturminne

Sikre bevaring av prioriterte tekniske og industrielle kulturminne i Høyanger.

- Kraftanlegg 1, Kraftanlegg 2, Kraftanlegg 3

Kartlegge og vurdere tekniske- og industrielle kulturminne

- Vadheim
- Ortnevik, båtbyggjeriet

6.5.2 Samtid - immaterielle kulturminne

Høyanger kommune har i dag ikkje eit fullgodt system for å ta vare på immaterielle kulturminne. Dette kan betrast ved å opprette eit lokalhistorisk arkiv for heile kommunen. Eit arkiv som kan organiserast opp mot Høyanger Industriadarmuseum i samarbeid med Høyanger bibliotek. Både museet og biblioteket sit i dag på arkivmateriale som naturleg fell inn under eit slikt lokalhistorisk arkiv.

Opprette lokalhistorisk arkiv spesielt med sikte på å ta vare på immaterielle kulturminne

- Ressursbase for å arkivere digitale media med lenkar til Fylkesarkivet

6.5.3 Bygningssmiljø og infrastruktur

Kartlegge og vurdere bygningssmiljø

- Utarbeide områdereguleringsplan som verktøy og revidere utvide omsynssone arkitektur/vern. t.d. for Høyanger sentrum
- Vurdere å regulere bygningssmiljø/sentrumsgatestruktur i Vadheim
- Eit verkemiddel for å få til ei god forvaltning av det byregulerte kulturmiljøet, er å lage ein områdereguleringsplan for Høyanger sentrum. Ein slik plan kan mellom anna gje retningslinjer for opprusting og vedlikehald av gateløpa. Dette kan gje retningslinjer om gjerdetypar, farge, planting i utomhusanlegg og liknande

Evaluerer og oppdaterer SEFRAK - registreingane/materialet.

- Formidling av dette meir tilgjengeleg/brukarvenleg - sjå korleis andre kommunar løysar dette i tid.

- For at SEFRAK-registeret skal bli eit fullgodt system treng det ein evaluering og oppdatering.

Gje fagleg rettleiing i restaureringsprosjekt, samt hjelp i søknads- og gjennomføringsprosessen.

- Kurs – kunnskapsoverføring t.d. grindabygg m.m

Samferdsle

- Eit viktig ledd i å få fram kunnskapen om dei gamle vegane og ferdselsårene er å merke og skilte dei. Dette kan gjerast fysisk ved og langs vegen. Men ein kan her og ta i bruk digital teknologi med GPS og QR-koding.

Utarbeide plan for formidling av kulturminne. Skilting data osv.

- Døme med QR koding og bilete med lenker til arkiv

6.5.4 Jordbruk

Evaluerer kultur og kulturmarkstypar i Høyanger kommune med bakgrunn i rapport 1991

- Kulturlandskap og kulturmarkstypar rapport 16

Verdifulle kulturlandskap – prioriterte område

6.5.5 Krigsminne

I all hovudsak er det her snakk om militære anlegg. Fleire av desse ligg i område som no er tilgrodd, og dei er generelt prega av aukande forfall. Det ein kan gjere med dette er å kartlegge kvar dette er, og eventuelt få rydda områda.

Biletreferansar

Høyanger Verk/ Hydro Aluminium Høyanger 32	Aril Gjelsvik 1, 18, 20
Norsk Folkemuseum 14	Gaute Ljotebø 1, 8, 9, 10, 11, 12, 13, 15, 18, 19, 20, 23, 27, 28, 29
Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane 32	Stig Hovlandsdal Øvreås 25
Høyanger Industristadmuseum 17, 22, 30, 32	Sven-Ove Fossen 26
Osland Havbruk 16	Liv Sunde (eigar av bilete) 31
Anders Fimreite 1	Daniel Tynning Moen 19, 21, 29
Eugen Nordahl Olssen sen 15	Jon Mølmesdal 5, 7

Litteraturliste

- Brekke, Hjalmar. 2011. *Ortnavik skipsbyggeri*. I Årbok Høyanger 2011. Høyanger
- Byrkjeland, Martin. 1991. *Bluss. Arbeidarar og fagforeining ved Høyanger Verk 1916-1986*. Høyanger
- Byrkjeland, Martin og Timberlid, Jan Anders. 2015. *Vatnet, verket og byen – bind 1*. Bergen
- Byrkjeland, Martin og Timberlid, Jan Anders. 2015. *Vatnet, verket og byen – bind 2*. Bergen
- Egner, Hjørdis. 2003. Høyanger. «Norges idealby». *Arkitektur i Norge. Årbok 2003*. Norsk Arkitekturmuseum. s. 92-101. Oslo
- Ervik, Leif. 1981. *Framveksten av industristedet Høyanger*. Hovudfagsoppgåve i historie. UiB. Bergen
- Ese, Krstin. 2007. *På god veg. Veghistorie i Sogn og Fjordane*
- Førsund, Adolf og Førsund, Sigurd. 1963. *Bygdebok for Kyrkjebø – Band II. Gardsoga*. Høyanger
- Hjetland, Ingvald. 1979. *Stadnamn frå Høyanger og Berge*. Hovudfagsoppgåve UiB. Bergen
- Høyheim, Kjell Jarle. 1981. *Fagrørsla i Høyanger, 1916-1930*. Hovudfagsoppgåve i historie. UiB. Bergen
- Leimes, Leif. (red) 1978. *Bygdebok for Kyrkjebø og Lavik – Band III Bygdesoga*. Høyanger
- Ljotebø, Gaute. 2008. *Høyanger i endring – ein industristad si utvikling sett gjennom fotografiet*. Masteroppgåve i historie ved UiB. Bergen
- Ljotebø, Gaute. 2012. *Stølar og stølsliv i Høyanger kommune. Strevsamt og fritt*. Høyanger
- Løland, Oddvar. 2012. *Bispestova i Lavik*. I: Årbok Høyanger 2012. Høyanger
- Nielsen, Mona. 1984. «Med hjem skal landet bygges». *Egne Hjem og hagebybevegelsen i Norge. Utdrag fra boligsakens historie*. Hovedfagsoppgave i kunsthistorie ved UiB. Bergen

Olsen, Ingvild. 1995. *Innføringa av elektrisiteten i Kyrkjebø kommune 1921-1964*. Hovudfagsoppgåve i historie ved UiO. Oslo

Sagen, Asbjørn. 1996. *A/S Vadheim Elektrochemiske Fabriker*. I Årbok for Sogn 1996. Sogndal

Solem, Arne (red). 1954. *Norske kraftverker*. Oslo

Solheim, Randi. 2006. *Språket i smeltegryta. Sosiolingvistiske utviklingslinjer i industrisamfunnet Høyanger*.

Solheim, Randi. 2010. *Sosial smelting – språklege legeringar. Om talemålsutvikling i industrisamfunnet Høyanger*.

Kjelder og rapportar

Austad, Ingvild m. fl. 1993. *Verdifulle kulturlandskap og kulturmarkstyper i Sogn og Fjordane . Prioriterte område*. Sogndal/Hermansverk

Fett, Per. 1954. *Førhistoriske minne i Sogn 10*. Lavik Prestegjeld. UiB. Bergen

Fylkesarkivet. 1991. Høyanger kommune. 13000 stadnamn. Hermansverk

Gjesdal kommune. 2012. *Kulturminneplan for Gjesdal kommune 2012-2020*. Gjesdal

Gundersen, Ingar M., red. 2010. *Arkeologiske registreringar i samband med 420 kv kraftlinje «Ørskog – Fardal»*. Førde. (<http://issuu.com/mediebruket/docs/nettversjon>)

Hauge, Leif m. fl. 1991. *Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Høyanger kommune*. Kulturlandskap i Sogn og Fjordane. Bruk og vern: Rapport nr. 16. Sogndal

Høyanger kommune. 1989 (1985). *Kulturplan 1985-1996*. Høyanger

Høyanger kommune. 1998. *Stadanalyse for Lavik*.

Høyanger kommune. 1999. *Stadanalyse av: Høyanger tettstad – fortetting av bustadområda i sentrum*. Høyanger spesial. Nr 1. 99. Høyanger

Høyanger kommune. 1999. *Tettstadfoldar – rettleiar for ombygging/vedlikehald av eksisterande hus innan 5 ulike homogene soner i Høyanger sentrum*. Høyanger spesial. Nr 2. 99. Høyanger

Høyanger kommune. 2000. *Vadheim. Stadanalyse som grunnlag for kommunedelplan*.

KINK. 2006. *Kulturminner i norsk kraftproduksjon – en evaluering av bevaringsverdige kraftverk*. Oslo

Riksantikvaren. 2011 Vedlegg 34. *Psykiatrisk klinikk avd. Forskrift om fredning av statens kulturhistoriske eiendommer*. Kapittel 2 *Fredete eiendommer i Helse- og omsorgsdepartementets landsverneplan*.

Riksantikvaren. *Kulturminner i kommunen. Håndbok for lokal registrering*. Oslo

Riksantikvaren. *Kulturminner i kommunen. Veileder kulturminneplan*. Oslo

Samnanger kommune. 2013. *Kommunedelplan for kulturminne 2012 – 2020*. Samnanger

Skien kommune. 2013. *Avtrykk av Skien. Kommunedelplan for kulturminnevern 2013–2024*. Skien

Statens vegvesen. 2015. *E39 Bogstunnen - Gaular grense. Konsekvensutgreiing: Delrapport kulturminne Høyanger kommune*. Leikanger

Vindafjord kommune. 2015. *Kommunedelplan for kulturminne og miljø*. Vindafjord

Handlingsprogram

Prioriterte kulturminne 2021 - 25

7 Prioriterte kulturminne

7.1 Verdier og eigenskapar knytt til kulturminne

- Kunnskapsverdiar
- Opplevingsverdiar
- Bruksverdiar

Eigenskapar som kjenneteiknar kulturminnet

- alder
- autentisitet og opphav
- mangfald og variasjon
- samanheng og heilskap
- dynamikk og endring
- brot og kontrast
- leseleg og tydeleg
- eigna til dagens bruk og til framtidig bruk
- sårbarheit og tålegrense

7.2 Vektlegging av verdiane

Kulturminnet representerer gjerne **fasar** med særleg vekt for historia og utviklinga. Kulturminnet er gjerne knytt til **verksemder, hendingar** eller **personar**.

Verdiane ligg ofte i det **arkitektoniske og arkitekturhistoriske** kvalitetar. Det planlagde samfunnet og dei prosjekterte bygningane med tilhøyrande utomhusområde. Kulturminneobjekta er ein **ressurs for lokal utvikling og verdiskaping**. Kulturminnet sin alder og type utløyser **juridiske verkemiddel på nasjonalt plan**, jfr. kulturminnelova.

7.2.1 Arkitektur – omsynssoner i kommuneplan arealdelen

Kulturminne må sikrast i plan gjennom omsynssoner. Revisjon av arealdelen i kommuneplanen bør ein gjennomgå eks omsynssoner og vurdere nye objekt. T.d. område omkring Marcus Thranesgate i Høyanger.

Omsynssoner kan vise område der vidare planlegging må ta særleg omsyn til kulturmiljøet. Freda kulturminne som «Parken» skal visast som bandlagt areal i omsynssone d og nyare tids kulturminne må få omsynssone c, jf. pbl § 11-8, bokstav c og d. Det er viktig å knyte gode arealføremål, føresegner og gode retningslinjer til omsynssonene, jf. pbl §§ 12-5 og 12-7. Estetisk utforming er del av all areal planlegging, men er særleg viktig i saker med definerte kulturminneverdiar. Bruk og tilpassing av landskap er viktige verdiar å vekta i samband med kulturlandskap.

For enkelte viktige objekt slik som «Byporten» er det viktig med gode rutinar for oppfølging. Gjerne gjennom ein **forvaltningsplan** som skildrar prosederer og rutinar for drift og vedlikehald av komplekset og **skildre viktige detaljar ved rehabilitering og endring av bygningar /objekt**. Forvaltningsplan er normalt nytta ved vern, men veldig avklarande for å sikre bygning/objekt.

7.3 Spesielt prioriterte kulturminne

Høyanger kommune ønskjer spesielt å prioritere følgjande i denne planperioden:

1. Kraftanlegg, K1, K2, Høyanger
2. Kapteinsgarden, Måren
3. Valhall, Høyanger
4. Byporten, Høyanger
5. Kvernhus, Sørebo

7.4 Prioriterte kulturminneobjekt

Spesielt prioritert	Kulturminne/område	Lokalitet ID* Kulturminnesok.no	G. bnr.	Sjå plan
Bygninger og bygningsmiljø				
•	Høyanger, Byporten	1006178		7.4.8
•	Høyanger, Valhall	1004854	60/23	7.4.6
	Høyanger, Barneskulen	1004232	60/27	7.4.12
	Høyanger, Ungdomskulen	1004255	60/27	7.4.13
	Høyanger, byregulert kulturmiljø i sentrum	1006182	59, 60, 63	7.4.9
	Strendene, Skulehuset - Instevik	1004310	9/2	7.4.21
	Kyrkjebø, Våningshus - Austreim	1004497	53/173	7.4.15
	Ortnevik, Sandestova - Sande	1006175	5/1	7.4.22
	Bjordal, Jektenaust Osland	1006110	22/1	7.4.24
	Bjordal, Saltebu Osland	1006112	22/1	7.4.23
	Nye objekt rev. 2021-25:			
	Lavik, Bispestova	Askeladden		7.4.25
•	Måren, Kapteinsgarden	Askeladden	64/1	7.4.26
	Søreide, Gamlestova på Sørebo	Askeladden	17/9	7.4.27
	Ortnevik, Borgstova på Nedre Thune	Askeladden	4/1	7.4.29
	Vadheim, Malena Kafé	Askeladden	36/166	7.4.30
	Lånefjorden, Bolstadsetet	Askeladden	178/1	7.4.31
	Nessane, Ungdomshuset	Askeladden		7.4.32
Tekniske- og industrielle kulturminne				
•	Høyanger, Kraftanlegg 1 m/røyrgate trallebane og trapper	1004447	59/161	7.4.1
•	Høyanger, Kraftstasjon 1	1004886	59/1	7.4.2
•	Høyanger, Kraftanlegg 2 m/røyrgate, trallebane og trapper	1004858		7.4.3
•	Høyanger, Kraftstasjon 2	1004868		7.4.4
	Høyanger, Kraftstasjon 3 m/røyrgate ¹			7.4.5
	Høyanger, Transformatoriosk	1004341	60/447	7.4.7
	Høyanger, Administrasjonsbygning - Hydro	1006184		7.4.10
	Høyanger, Fabrikkport - Hydro	1006185		7.4.11
Samferdsel og kommunikasjon				
	Vadheim, Gamle Ytredal bru	1005010	37	7.4.17
	Vadheim, "Nye" Ytredal bru 1905	1005012	37	7.4.18
	Nye objekt rev. 2021-25:			
	Lavik, Gamleveggen i Lavik	Askeladden		7.4.33
	Vadheim, Steintrappene til Fossen	Askeladden	42/8	7.4.34
	Nessane, Stien til Tennefossen	Askeladden	186/1-2	7.4.35

¹ Spesielt prioritert: «Høyanger, Kraftstasjon 3 m/røyrgate – pkt. 7.4.5» vart tatt ut planen jf. k-styre vedtak 28/8-21

Lokal kulturminneplan for Høyanger kommune

Spesielt prioritert	Kulturminne/område	Lokalitet ID* Kulturminnesok.no	G. bnr.	Sjå plan
Jordbruk og kulturlandskap				
	Ortnevik, Solrenningane støl	1006203		7.4.19
	Strendene, Bjørkehagar	1006248	8,9,10,11,12,13	7.4.20
	Kyrkjebø, kvernhus Ytre Berge	1004942	55/1	7.4.14
	Nye objekt rev. 2021-25:			
•	Søreide, Kvernhus på Søreide	Askeladden	17/2	7.4.28
	Nessane, Kulturmark Sagi	Askeladden	186/1-2	7.4.36
	Nessane, Kulturmark med styvingstre på Kvist	Askeladden	180/1	7.4.37
	Kyrkjebø, Bakkemurar og vegar Ytre Berge	Askeladden	52/2	7.4.38
Krigsminne				
	Kyrkjebø, Klævold kystfort	1004621	45/2	7.4.16

*Lokalitet ID vert oppdatert med Askeladden.

7.4.1 Høyanger, Kraftanlegg 1 m/rørgater trallebane og trapper.



rørgatene er tekne ut av drift og erstatta med tunnell inne i fjellet. Trallebana er ikkje lenger nytta til persontransport, men er framleis i brukt til varetransport og vedlikehald av anlegget.

Arbeidet med rørgatetrase til Kraftanlegg 1 starta opp i 1916 og består av to rørgater, trallebane og trapper. Røyr til Øreanlegget vart montert i 1917 og førte vatn frå Grimsosen/Bergsvatn.

Hjetlandsanlegget si rørgate vart sett i drift i 1922 og førte vatn frå Hjetlandsbassenget/Breidalen.

Trallebana vart teken i bruk i 1917 for montering av rørgata. Seinare vart trallebana nytta til transport av materiell og folk til fjells både i arbeid og fritid. Sjølve

Rørgater, trallebane og trapper frå Kraftanlegg 1 er eit av svært få tilnærma autentiske tekniske- og industrielle kulturmiljøet frå dei første åra med industrireising i Høyanger. Dette anlegget er det kraftanlegget som er lettast tilgjengelege for folk flest. Det har vesentlege kunnskapsverdi som fortel kva Høyanger bygd opp på, utnytting av vasskrafta. Trappene er framleis i bruk til trim, rekreasjon og turisme. Kvart år er det arrangert trappeløp her. Kulturminnet er viktig for mange sin identitet og tilknytning til Høyanger, og har stor identitetsverdi. Samla har dette kraftanlegget ein vesentleg symbolverdi for Høyangersamfunnet.

7.4.2 Høyanger, Kraftstasjon 1



verksemd av eigar Hydro. I øvste enden av kraftstasjonen vart Høyanger vasskraftmuseum opna i 1986. I museet er eine aggregatet frå Hjetlandsanlegget stilt ut med tilhøyrande verktøy og maskineri.

Kraftstasjon 1 vart bygd i 1916-1917 og ligg på fabrikkområde til Hydro i Høyanger. Kraftstasjonen var i utgangspunktet del av Kraftanlegg 1, som omfatta kraftutbyggingar i Øre- og Hjetlandsvassdraget. Kraftstasjonen hadde i si tid sju kraftaggregat. Den var i bruk til 1979, då vatnet og kraftproduksjonen vart overført til Kraftstasjon 5 inne i fjellet. Største delen av bygget til den tidlegare kraftstasjonen er seinare teke i bruk til anna industriell

Kraftstasjon 1 fortel om utnyttinga av krafta til aluminiumsproduksjon. Det er bygd i ei tid då kraftstasjonar ofte stod fram som katedralar. Dette kan jamførast med arkitekturen til bygget, der det på eine endeveggen er eit ornamentert glasvindauge. Det var her vatnet vart omforma til elektrisk kraft, som vart overført til fabrikk som i si tid stod vegg i vegg med kraftstasjonen. Bygget er framleis i bruk av eigar til ulike formål. Med vasskraftmuseet har Kraftstasjon 1 ein vesentleg kunnskaps-, opplevings- og bruksverdi i formidling av industrihistoria lokalt.

7.4.3 Høyanger, Kraftanlegg 2 m/rørgater, trallebane og trapper



Kraftutbyggingane på Kraftanlegg 2 frå kraftstasjonen og vidare innover Eriksdalen er gjennomført i fleire fasar. Den første utbygginga var i åra 1937-1938, då røyr 1 vart montert. Det kom til ei ny utbygging på 1950-talet, då røyr 2 vart montert. Røyrgatene vart tekne ut av drift og erstatta med ein tunell til ein nye kraftstasjon inne i fjellet frå 2014. Trallebana er framleis i drift for vare- og persontransport. Trappene er framleis i bruk til trim og rekreasjon.

Kraftanlegget fortel om kraftutbygging og drift i perioden 1937-2014. Saman med Kraftstasjon 2 dannar det eit godt bevart og tidstypisk heilskapleg teknisk- og industrielt kulturmiljø. Røyrgatene som er godt synlege frå Høyanger gir eit visuelt kulturlandskap forma av kraftutbygging.

7.4.4 Høyanger, Kraftstasjon 2



Kraftutbyggingane på Kraftanlegg 2 frå kraftstasjonen og vidare innover Eriksdalen er gjennomført i fleire fasar. Den første utbygginga var i åra 1937-1938, då første del av Kraftstasjon 2 vart bygd. Det kom til ei ny utbygging på 1950-talet, då kraftstasjonen vart utvida. I 2014 vart Kraftstasjon 2 sett ut av drift og erstatta med ein ny kraftstasjon inne i fjellet.

Kraftanlegget fortel om kraftutbygging og drift i perioden 1937-2014. Saman med tilhøyrande røyrgater, trallebane og trapper dannar det eit heilskapleg teknisk- og industrielt kulturmiljø.

7.4.5 Høyanger, Kraftstasjon 3 inkludert røyrgater



Kraftstasjon 3 med tilhøyrande røyrgater ligg i Eriksdalen og vart sett i drift i 1958. Den vart sett ut av drift i 2014 i samband med ei samla modernisering med ny kraftstasjon inne fjellet. Kraftstasjon 3 utnytta fallet på 63 meter mellom Høgsvatn og Roesvatn. Den er ein del av det samla historiske Kraftanlegg 2 som i hovudsak vart utbygd i to fasar på 1930- og 1950-talet, der og Kraftstasjon 2 og

tilhøyrande røyrgater, trallebane og trappene og inngår. Samla er dette eit godt bevart tidstypisk og heilskapleg teknisk- og industrielt kulturmiljø.

7.4.6 Høyanger, Valhall



Høyanger ungdomslag sitt ungdomshus Valhall vart innvigd 4. februar 1922. Det vart bygd etter teikningar frå industriverksemda Naco. Innvendig i festsalen er det veggmaleri med nasjonale og norrøne motiv av den kjende teatermålaren Rudolf Krogh utført i 1927. I det klassesdelte Høyangersamfunnet fungerte Valhall lenge som det mest sentrale forsamlings-lokalet for den borgarlege sida. I huset var det mange aktivitetar. Med mellom anna leikarring og teater.

Valhall er eit viktig hus i formidling og forståelse av nasjonal-, regional- og lokallagshistorie på fleire plan. Valhall si historie fortel ei viktig sosialhistorie om det klassesdelte høyangersamfunnet. Og har i så måte viktig symbolverdi. Huset har i tillegg viktige arkitektonisk kvalitetar. Bygningshistorisk er huset viktig, då det går inn som eit av forsamlingslokala som Naco var arkitekt for. Kulturhistorisk har veggmåleria av Rudolf Krogh høg eigenverdi, og representerer eit viktig kulturuttrykk frå si samtid. Valhall er og med på å fortelje lagshistorie til Høyanger ungdomslag. Bygget er framleis i bruk og fungerer som eit forsamlings- og kulturlokale for lokalsamfunnet. Det er også lydstudio i huset.

7.4.7 Høyanger, Transformatoriosk Hagegata



På den velregulerte og planlagde industristaden Høyanger var det ikkje berre husa som skulle ha ein viss stil. Transformatorkiosken i Hagegata frå 1928 er ein del av straumforsyninga som Naco bygde opp her. Den har til oppgåve å forsyne Egne Hjem og store delar av Høyanger sentrum med straum. På staden er det fleire liknande transformatorhus/kioskar. Kiosken i Hagegata er den siste som er att med tårn. Tårnet var i si tid nytta til leidningsnett. Straumforsyninga har blitt fornya og lagt i grøfter.

Transformatorkiosken i Hagegata fortel viktige sider med utviklinga av Høyanger. Som teknisk- og industrielt kulturminne fortel den om straumforsyninga på staden. Den er viktig i heilskapen når det gjeld dei arkitektoniske- og estetiske verdiane som Høyanger sentrum er bygd på.

7.4.8 Høyanger, Byporten



Byporten vart bygd i 1933 av Naco etter teikninga av ingeniør Carl Fredrick Kloumann Borch. I Byporten var det opphavleg åtte utleige leilegheiter tiltenkt arbeidarfamiliar, fire i kvart hus. Sjølv byporten er bygd som ein portal mellom husa, og fungerer som innfallsporten til Høyanger sentrum. Bygginga av Byporten var knytt opp til den nye vegen som var bygd utover mot Nordeide og som stod klar om lag samtidig. I 1990 tok Høyanger kommune over bygget, og i 1997 vart Høyanger industristadmuseum opna i eine delen av bygget. Andre delen inneheld Gunnar S. Gundersen-galleriet som vart opna 29. november 2018. Galleriet inneheld Høyanger kommune si samling av originale verk i 2. høgda.

Byporten har svært stor symbol- og identitetsverdi for Høyangersamfunnet. Den er eit sentralt punkt i bybiletet. Frå Byporten dannar Markus Thranesgate ein hovudakse i gateløpet opp mot kyrkja som var bygd i 1960. Bygget har sin sentrale plass i de byregulerte sentrum. Med si unike utforming er bygget viktig ikkje berre i lokal bygnings- og arkitekturhistorie, men har og regional- og nasjonalverdi.

7.4.9 Høyanger, byregulert kulturmiljø i sentrum:



Høyanger sentrum er i grove trekk regulert og planlagt av Naco etter ein byplan teikna av Morgenstjerne og Eide i 1917. Store delar av Egne Hjem husa som bedrifta stod for frå midten av 1920-talet og frametter og deler av busetnaden på Sæbø sida er innlemma i ei omsyns-sone for å sikre dei arkitektoniske og kulturhistoriske verdiane. Området er og del av Riksantikvaren sitt NB! register. Høyanger sentrum er eit samla byregulert kulturmiljø, der heilskapen med utgangspunkt i byplanen er ein særskilt viktig

del. Det er enkeltlementa som til slutt skapar denne heilskapen. Det byregulerte Høyanger sentrum er trekt fram som ein særskilt viktig del av den nasjonale arkitekturhistoria. I den samanheng er Høyanger framstilt som eit lærestykke i byplanlegging og utbygging frå 1900-talet. Det tette og by-prega sentrum har og ein vesentleg identitetsverdi for lokalsamfunnet.

7.4.10 Høyanger, Administrasjonsbygget



Kontorbygningen til Naco vart bygd opp i 1916-1917. Bygget vart utvida vidare oppover Storgata på midten av 1950-talet. I dag heldt framleis den lokale verksleinga til Hydro til her. I tillegg er det leigd ut kontor til andre verksemdar.

Administrasjonsbygget, eller «Gulehuset» som det gjerne er omtalt som, er ein vesentleg del av det byregulerte kulturmiljøet i Høyanger sentrum. Det var her den lokale leiinga ved Verket sat og framleis sit. Det var her mange

av funksjonæra og hadde sin arbeidsplass. Det var og er framleis eit viktig maktsenter på industristaden. Og er difor eit viktig symbolbygg for Høyanger.

7.4.11 Høyanger, Gamle Fabrikkporten:



Gamle fabrikkporten inkludert bad og tilhøyrande verkstad kom opp i 1924. Vegnettet i den opphavlege byplanen til Morgenstjerne og Eide frå 1917 strålar ut frå fabrikkporten på kaia. Arbeidarane måtte gjennom fabrikkporten til og frå arbeid. På byrjinga av 1980-talet vart fabrikkport funksjonane og badet flytta opp til det då nye velferdsbygget på Leira. Det gamle badet og verkstadane i bygget er i dag bytt ut med brannstasjon og lager. Gamle fabrikkporten med tilhøyrande bygningar

er ein vesentleg del av det heilskaplege byregulerte Høyanger, der fabrikkporten markerte skiljet mellom det som Naco nemnde som fabrikkbygget og byanlegget.

7.4.12 Høyanger, Barneskulen



Høyanger folkeskule vart bygd i 1923 av Kyrkjebø kommune med økonomisk bidrag og arkitekttteikningar frå Naco. Bygget har frå 1980-talet og framover vore rehabilitert i fleire omgangar med ulike tiltak. Utvendig er utsjånaden på den opphavlege fasaden oppretthalden.

Bygget inngår som ein del av ein heilskap i Høyanger sentrum. Det går og inn som ein del av eit lokalt kulturmiljø ved Høyanger skule i samspel med

skulebygget frå 1932. Samla representerer dei to bygga tidstypiske urbane skulehus frå si samtid. Dei er samla og viktige formidlarar av lokal skulehistoria. Skulen har og ein vesentleg identitetsverdi og her har fleire generasjonar Høyanger folk gått på skule.

7.4.13 Høyanger, Ungdomsskulen



Dagens ungdomsskulebygg vart bygd av Kyrkjebø kommune etter arkitekttteikningar frå Naco. Det første byggesteg som inkluderte gymnastikksal kom opp i 1932. Bygget vart påbygd etter opphavlege planar i 1947-48, med halvdelen som vender nedover mot idrettsplassen. Bygget har frå 1980-talet og framover vore rehabilitert i fleire omgangar med ulike tiltak. Utvendig er utsjånaden på den opphavlege fasaden oppretthalden.

Bygget inngår som ein del av ein i ein heilskap i det byregulerte Høyanger sentrum. Det går og inn som ein del av eit lokalt kulturmiljø ved Høyanger skule i samspel med skulebygget frå 1923. Samla representerer dei to bygga tidstypiske urbane skulehus frå si samtid. Dei er samla og viktige formidlarar av lokal skulehistoria. Skulen har og ein vesentleg identitetsverdi og her har fleire generasjonar Høyanger folk gått på skule.

7.4.14 Kyrkjebø, Kvernhus - Ytre Berge



Dei fleste gardseiningane i det tradisjonelle bondesamfunnet hadde eigne kvernhus i ei nærliggande elv. Kvernhuset til Ytre Berge 55/1 ligg ved Ytrebergselva, like ovanfor vegen. Det er tidfesta til 1800-talet og var i bruk til 1945. Kverna var nytta til maling av korn. Mjølet vart nytta i hushaldet til brødbaking, flatbrød og graut av ulike slag. Dei mol også malt av korn som var nytta til ølbrygging.

Kvernhuset på ytre Berge er truleg det siste komplette som står att på Kyrkjebø. Kvernhusa fortel om matauken og livberginga i det tradisjonelle bondesamfunnet, og er på mange vis eit symbol på sjølvberginga, der ein dyrka og mol sitt eige korn. Dei fortel og om byggeskikk og teknologi (SEFRAK-ID: 14160111018).

7.4.15 Kyrkjebø, Våningshus Austreim



I samband med utskiftinga av garden Austreim på 1880-talet vart husa til Austreim 53/1 flytta til noverande plassering. Våningshuset var opphavleg i ein etasje, men i 1905 vart det bygt på med ein 2. etasje og huset fekk dagens utforming. Med saltak tekka med skifer på framsida. Sentralt på fasaden er det ei midtstilt ark med veranda i begge etasjane. Fasaden er symmetrisk organisert ut i frå arka. Huset har oppretthalde original dekor over vindauga og i

gavlen på arka, samt originalvindauga i 2. etasje og på loft. Huset står i eit tun med bevart driftsbygning, sauefjøs og stabbur i tillegg til våningshuset.

Våningshuset med eit tilnærma autentiske preg frå tidleg 1900-tal, og eit viktig lokalt symbol for byggetradisjonar i frå tida med utskiftingane i jordbruket. Det er med på å formidle bygnings- og jordbrukshistoriske kunnskapsverdiar (SEFRAX-ID: 14160112001).

7.4.16 Kyrkjebø, Klævold Kystfort



På Klævoldsneset ved inngangen til Vadheimsfjorden bygde den tyske okkupasjonsmakta eit mindre kystfort. Fortet var operativt frå mars 1943 til februar 1945. Her finn ein i dag restane etter fire kanonstillingar, mura i stein og betong, med tilhøyrande bunkersar som var nytta til ammunisjons- og dekningsrom. Kanonane er vekke, men delar av dreieskivene i stål står att. Her står framleis ein kommandobunkers i betong. Etter krigen vart det

bygd ei hytte oppå bunkersen, som fungerer som kjellar for hytta. Tuftene etter det som var ei kantine og kjøkkenbrakke er godt synlege. Det står framleis to bygningar som truleg var nytta som ammunisjonslager eller matlager. I tillegg er det ein del anna infrastruktur. Det mest i augnefallande er ei MG-stilling i svingen oppe ved hovudvegen.

Restane etter Klævold kystfort er eit krigsminne som vitnar om den tyske krigsmakta sitt fysiske nærvær, og har kunnskapsverdi i formidling av regional og lokal krigshistorie.

7.4.17 Vadheim, Gamle Ytredal bru



Gamle Ytredal bru vart truleg bygd tidleg på 1800-talet. Det er ei steinbjelkebru, der det ligg store steinheller mellom tørrmura steinpilarar. Det er seks kvelvingar som elva renn igjennom. Rekkverket langs kantane er oppbygd av murstein. Brua var i si tid bygd som del av ein ny køyreveg (kjerreveg). Den nye vegen markerte ei viktig skilje i samferdselshistoria lokalt, og vart hovudferdselsåra mellom Sogn og Sunnfjord, og gjorde sitt til at Vadheim utvikla seg til eit særskilt viktig samferdselsknutepunkt. Gamle Ytredal

bru er med på å fortelje ei viktig side av samferdselshistoria, og er såleis ei viktig regionalt og

lokalt veghistorisk kulturminne. Brua fungerer som eit symbol på samferdsla på 1800-talet. I Ytredalen inngår brua som ein del av eit større samla kulturmiljø, der det i området er spor og restar etter fleire veganlegg og ferdselsvegar frå ulike periodar.

7.4.18 Vadheim, «Nye» Ytredal bru



Frå 1894 vart bygd ny veg mellom Vadheim og Sande. Vegen opp Ytredalen vart lagd om, og den nye brua i Ytredalen var klar til bruk i 1905. Brua er i steinkvelv-bru konstruksjon og med rekkverk i stål. Vegbredda er på rundt 4 meter. Brua markerte ei ny tid for samferdsla mellom Sogn og Sunnfjord. Brua frå 1905 er i dag den mest i augnefallande delen som er att frå dette veganlegget. I Ytredalen inngår brua som ein del av eit større samla kulturmiljø, der det i området er spor og restar etter fleire veganlegg og

ferdselsvegar frå ulike periodar.

7.4.19 Ortnevik, Solrenningane



I det tradisjonelle bondesamfunnet var stølsdrifta ein særskild viktig del av gardsdrifta og livberginga for folk lokalt. Fleire gardsbruk i Ortnevik nytta stølen Solrenningane i Vøringsdalen. Her var det til saman ni sel i bruk. Dei fleste av desse var mura i stein. Kor tid stølen vart teken i bruk er usikkert. Stølsdrifta vart nedlagt i 1936. Etter den tid har sela vore nytta som fritidsbustader. Fleire av sela er restaurerte der den tidstypiske utsjånaden er oppretthalden. Stølen ligg i

Stølsheimen landskapsvernområde som vart oppretta i 1990. Den Norske Turistforening har ei turisthytte like ved og staden er eit knutepunkt i deira turløypenett.

Solrenningane er eit av dei best ivareteke stølsmiljøa lokalt og regionalt. I 1993 vart Stølsheimen, med Solrenningane som ein vesentleg del, trekt fram som eit prioritert typeområde for kulturlandskap i Sogn og Fjordane (Rapport: Verdifulle kulturlandskap og kulturmarktypar i Sogn og Fjordane . Prioriterte område). Solrenningane har vesentlege kunnskaps- og bruksverdiar som mellom anna fortel om stølsliv, byggeskikkar og friluftsliv. Stølen er viktig for mange med tilknytning til Ortnevik og for turgåarar (SEFRAK-ID: 14160201100 – 108).

7.4.20 Strendene, Bjørkehagar



I det tradisjonelle bondesamfunnet var førsankinga i form av lauv ein viktig del av livberginga. Langs etter Strendene på sørsida er det fleire stader det står styva bjørketre, omtalt som bjørkehagar. Dette er tre som i si tid var nytta til lauv og fôr til dyra. Dei styva trea er ein del av eit karakteristisk kulturlandskap forma av jordbruk over fleire hundre år.

Dei spesielt utforma styvingstrea er med å fortelje denne historia, og er soleis viktige kunnskapsberarar. Dei fortel ei viktige sider ved den lokale jordbrukshistoria. Med si spesielle form er trea med på å skape refleksjon og undring. I 1993 vart bjørkehagane på Strendene på strekka Dyrdal-Fuglsbø plukka ut som eit prioritert typeområde for kulturlandskap i Sogn og Fjordane. (Rapport: Verdifulle kulturlandskap og kulturmarktypar i Sogn og Fjordane. Prioriterte område.) Drifta på dei fleste gardane på Strendene er i dag nedlagt, og området er prega av attgroing. Utan skjøtsel vil trea og det særprega kulturlandskapet gradvis forsvinne.

7.4.21 Strendene, Skulestove Instevik



Skulehuset i Instevik var det første skulehuset i gamle Kyrkjebø kommune, og vart bygd på Kyrkjebø i 1867. I 1913 vart bygget rive, og ført opp att og teke i bruk som skule i Instevik for skulekrinsen på Strendene. Seinare har skulehuset og blitt nytta som barnehage, forsamlingshus og møtelokale.

Bygget er det eldste skulehuset i Høyanger kommune, og var den første fastskulen i Kyrkjebø

kommune. Huset er ein viktig del av skulehistoria og formidlar viktige kunnskaps- og opplevingsverdiar (SEFRAK-ID: 14160201004).

7.4.22 Ortnevik, Sandestova, Sande



Sandestova er slik den står fram i dag i hovudsak truleg bygd opp rundt 1880, men den har utgangspunkt i ei eldre stove. Ein vegg ved inngangspartiet til huset består av tømmer som i følge lokal tradisjon skal vere frå 1597. Dette har sin bakgrunn i eit årstal dei fann rissa inn i treverket når stova vart bygd opp. På 1950-talet vart taket skifta ut med eternit. I tunet der stova står er det fleire eldre hus. Mellom anna eit stabbur som i SEFRAK er tidfesta til 1500-talet. Driftsbygningen

og ei mindre løe som står i tunet er der tidfesta til 1840-talet.

Sandestova er eit av dei best bevarte og autentiske husa av sitt slag frå sin tidperiode i Høyanger kommune, og er del av eit kulturmiljø i form av eit gardstun. Stova er med å fortelje viktige sider ved bygningshistorie, lokalhistorie og landbrukshistorie. Den gir oss eit innblikk i korleis folk budde på slutten av 1800-talet. Diktaren og folkeminnesamlaren Olav Øysteinsson Sande (1850-1927) vaks opp på denne garden, og ein minnesstein etter han er reist like nedanfor stova (SEFRAK -ID: 14160201030).

7.4.23 Bjordal, Saltebu Osland



Saltebua på Osland er grindbygd med plankegolv. Den står delvis på pålar ut i sjøen og har vindhjul til å heise varer opp frå båt. Bua var brukt til salting og pakking av sild og anna fisk. Bua fekk nytt torvtak i 2001. I bua er ligg ein seksring og det er lagra ein del eldre fiskereiskapar og båtutrustning. Bua er i SEFRAK tidfesta til 1820-talet. Bua er del av eit naustmiljø, der det og står to eldre naust.

Fisket i fjorden var i si tid ein vesentleg del av livberginga for fleire av dei som budde i Fuglsetfjorden. Saltbua er i dag kanskje den viktigaste lokale kunnskapsformidlaren om det lokale fjordfiskerihistoria frå tida før midten på 1900-talet (SEFRAK -ID: 14160203014).

7.4.24 Bjordal, Jektenaust Osland



Jektenaustet var nytta som vinterlagringsplass for sognejekt. Den er grindbygd med fem par stavar, skal før ha vore ein stav lenger. Naustet vart i 2001 restaurert med nytt torvtak og ny bordkledning. Naustet er i SEFRAK tidfesta til 1830-talet. Bygningen er ein del av eit eldre naustmiljø som består av eit mindre naust og ei saltebu.

Sognejektene var i si tid særskilte viktige for samferdsla på fjorden, særleg for transport av ved til Bergen. Jaktenaustet på Osland er kanskje det siste som er att av slike naust i kommunen. Naustet er difor eit viktig vitnesbyrd frå den tid fjorden var hovudferdselsåra, og for samferdselshistoria (SEFRAK -ID: 14160203013).

7.4.25 Lavik, Bispestova



Bispestova i Lavik er ein del av den vedtaksfreda Lavik prestegard frå 1992. I utgangspunktet har dette vore ei stor sperrestove frå 1700-talet, som truleg vart bygd om til lemstove i 1804, jamført inskripsjon i bjelkelag på lemmen. Som namnet tilseier, vart nok stova opphavleg nytta som bustad for embetsmannsfolk.

Opphavleg stod Bispestova ved sida av hovudbygningen på prestegarden i Lavik. Frå 1913 var huset ominnreidd og nytta til uthus. I 1935-1936 vart

stova flytta til der den er lokalisert i dag, og vart nytta som skulehus fram til 1939. Etter dette var huset tidvis i bruk som bustadhus. I 2011 hadde huset stått tomt i lengre tid, og var til nedfalls. Dette året vart det oppdaga vasslekkasjar. Dette utløyste eit omfattande bergings- og restaureringsarbeid. Den lokale drivkrafta bak dette arbeidet er Veneforeininga for Bispestova i Lavik. Sjølv stova innvendig er restaurert og innreidd til slik ei embetsmannsstove såg ut tidleg på 1800-talet.

Bispestova i Lavik ber på særskilte viktige kunnskaps- og opplevingsverdiar. Sjølv huset er sett på som eit unikt bygg i norsk bygningshistorisk samanheng. Stova gir kunnskap om byggeskikk og

handverksarbeid frå perioden rundt 1800. Ho gir oss eit innblikk i og kunnskap om korleis embetsmannfolk budde på bygda tidleg på 1800-tal. Bispestova har stor bruksverdi i historie- og kulturformidling for lokalsamfunnet og til turisme. Det er laga til eit eige utstillingslokale i andre høgda.

7.4.26 Måren, Kapteinsgarden (64/1)

Hovudhuset på den gamle embetsmannsgarden i Måren var oppført på byrjinga av 1800-talet. Bak panelet i andre høgda er årstalet 1803 rissa inn. Bygget er oppført i stil etter samtidige borgarhus i Bergen. Huset er i to høgder med kjellar og loft, og er tømra med liggande kledning med heilvalmetak med svai ved gesimsen.



Det var presten Michael Sundt Tuxsen (1742-1817) som stod for bygginga av hovudhuset på embetsmannsgarden Måren. Han var prest i Bergen og flytta til Måren og inn i det nye huset sitt i 1808. Huset var ein del ein ny gard med nytt gardstun som var etablert nede ved fjorden. Han og kona Anna Harboe Frimann (1743-1831) var barnlause, men hadde ei fosterdotter Cristine Sofie Fasting (1795-1887). I 1815 gifte Cristine seg med kaptein Gerhard Heiberg Daae (1788-1860). Han overtok

som eigar i 1832. Det er denne kapteinen garden og huset ber namn etter, Kapteinsgarden. Huset har vore i Daae familien sitt eige etter dette.

I 1890 bestod tunet på Kapteinsgarden av ti bygningar. Utover 1900-talet vart fleire bygningar flytta eller rivne. I dag består tunet, forutan det gamle hovudhuset, av eit mindre fjøs og eit vedskjul frå 1920-talet. Rundt huset er det etablert hage. Sør for huset er det ein større frukthage.

I 1919 vart deler av hovudhuset bygd om innvendig, med til dels ny planløyseringar. Utvendig kom det til eit mindre påbygg mot sør, nemnd som altanstove. Gerhard Melchior Daae (1921-2007) overtok kapteinsgarden og kona Anny (f. 1927) fekk for året 2000 Høyanger kommune sin byggeskikkpris for å ha teke godt vare på Kapteinsgarden i Måren. Huset var fram til midten på 1990-talet nytta som bustadhus, og er no nytta som fritidsbustad.

Hovudhuset på Kapteinsgarden er eit kulturminne med viktige arkitektoniske verdiar. Det har over tid blitt godt vedlikehalde, og står fram i tilnærma autentisk stand utvendig frå tidleg 1800-tal, med unntak av påbygg frå 1919. Huset har viktige kunnskaps- og opplevingsverdiar som gir eit innblikk i korleis ein embetsmannsfamilie budde på bygda på 1800-talet. Saman med omkring liggande uthus og hagar er huset eit markant og viktig del av kulturlandskapet i bygda Måren. Det er eit stort og gammalt hus som treng kontinuerleg og tidvis kostnadskrevjande vedlikehald. (SEFRAK-ID: 14160101001)

7.4.27 Søreide, Gamlestova på Sørebø (17/9)

Gamlestova på Sørebø er tømra med liggande kledning med smårutete vindaug og torvtak, og er i SEFRAK datert til 1800-talet. Men deler av bygget har nok eit eldre opphav, og mykje tyder på at stova har vore bygd om i fleire om gongar. Mellom anna viser det tydelege spor etter at stova har vore påbygd i høgda. Ein del av materialet, særleg i taket er svart av sot, noko som nok er spor etter opphavet som røykstove med ljore i taket. Deler av materialen med tjukke lafta tømmerstokkar kan peike mot at deler av bygget kan ha opphav attende til 1600- eller 1700-talet.



Gamlestova på Sørebø vart nok i si tid vore nytta som hovudbustad for folket på garden. Ein veit at stova fram til 1915 var nytta til kårbustad. Opphavleg stod huset i det gamle tunet på garden. I 1914 vart garden delt i to partar. Truleg i samband med dette omskiftet vart stova like etter 1915 flytta om lag 50 meter lenger mot vest. Stova høyrde opphavleg til Sørebø 17/1. I 2011 vart husa på garden skilt ut som eigen eigedom, og ny eigar overtok. I perioden 2011 til 2018 har stova gjennomgått ei omfattande restaurering.

Gamle Sørebøstova med sitt opphav i det tradisjonelle bondesamfunnet har viktige kunnskaps- og opplevingsverdiar. Ho viser korleis folk budde rundt om gardane på 1800-talet, og gir oss eit innblikk i tradisjonell byggeskikk, der om bygging var ein del av utviklinga. Huset har dei seinare år fått ny funksjon og bruksverdi, og blir mellom anna nytta til kulturformidling. (SEFRAK-ID: 14160202002)

7.4.28 Søreide, Kvernhus på Sørebø (17/2)

Kvernhuset på Sørebø ligg ved Sørebøelva, nede i eit lite elvegjel like ved tunet på Sørebø. Grunnmur er av naturstein, og sjølve huset er tømra med saltak. Kvernhuset har kvernkall med kvernstein samt tilhøyrande kornteine og mjølkiste. Mykje talar for at kvernhuset, slik det står i dag, vart bygt like etter 1895.



På garden Sørebø har det vore kvern langt attende i tid. Kverna er første gong nemnd i matrikkelførebuinga frå 1723. Men det har nok vore vasskvern på garden eit tid før dette og. I matrikkelførebuinga frå 1867 står det at garden har betydelege inntekter frå ein kvernbekk. Dette peikar mot at dette ikkje berre var ei gardskvern, men ei kvern som tente eit større område. Tradisjonen vil ha det til at det kom folk frå andre bygdelag, ja endå til heilt frå Sunnfjord, for å male korn på Sørebø.

Bakgrunnen for dette var nok at Sørebøelva hadde ein stabil vassføring heile året, og at elva ikkje fraus til om vinteren. Ei liten foss gjorde til at staden var ideell for plassering av ei vasskvern.

I 1895 var det ei skredulukke som tok kvernhusa og kinna. Det noverande kvernhuset står truleg på same staden som det gamle. Huset var truleg for det meste nyoppført like etter 1895, der dei

kanskje nytta seg av noko av dei gamle materialane og ustyret frå den gamle kverna. Kverna var i bruk fram til rundt midten på 1960-talet. Dei siste åra var det hovudsak berre male korn som skulle nyttast til brygging av maltøl.

Kvernhuset på Sørebo ber i seg viktige kunnskapsverdiar som lokalt kulturminne, det fortel om foredling av korn, og lokal utnytting av naturressursar. Kvernhuset var fram til eit stykke ut på 1900-talet ei viktig regional kvern, og har difor regional historisk verdi. Slik kvernhuset står i dag er det prega av forfall. For at det skal få ein fullgod framtidig opplevings- og bruksverdi, må det til ei restaurering. (SEFRAK-ID: 14160202005)

7.4.29 Ortnevik, Borgstova på Nedre Tune (4/1)

Borgstova i Ortnevik er tømra med liggande kledning med smårutete vindaug og skråtak med raud pannesteintak. Stova er i SEFRAK nemnd som drengestove. Dateringa her til 1850-70 er usikker, og huset kan vere eldre. Nemninga drengestova kan ha sin bakgrunn frå tida garden Nedre Tune var ein embetsmannsgard eigd av offisersfamilien Fasting frå 1798 til 1926. Frå ei tid det nok budde fleire tenestefolk på garden. Etter 1926 vart huset truleg nytta som bustad fram til krigen rundt 1940. Ein periode under krigen stova nytta til skulestove. I siste halvdel av 1940-talet budde ein familie i huset. Etter det har huset ikkje vore i bruk som bustad, men vore nytta ulike andre formål av eigar.



Stova med unntak av taket, som opphavleg var torvtak, står fram som rimeleg autentisk frå tida det var bygd. Huset er prega av sterkt forfall utvendig, der taket er spesielt dårleg med lekkasjar. Her trengs strakstiltak. Nøyaktig opphav og historia til huset er førebels ukjent. Men stova har potensiale for formidling av viktige kunnskapsverdiar. Huset med sin sentrale plassering i kulturlandskapet i Ortnevik, har ein viktig opplevingsverdi. (SEFRAK -nr: 14160201039).



7.4.30 Vadheim, Malena Kafé (36/166)

Forretningsbygget med Malena Kafé vart sett opp i 1886, eller like etter. Huset har to høgder med kjellar, og har liggande kledning og saltak. Dei som fekk sett det opp var Malena og Christian Ramsli. Han var titulert som landhandlar og fotograf, og hadde truleg fotoatelier i andre høgda. Kona Malena hadde alt drive serveringsverksemd med sal av øl og vin frå eigen bustad like ved frå 1879. Mykje tyder på at første høgda i starten var nytta til butikk, kan hende i kombinasjon med kafédrift. Etter at Christian døyr i 1895, er det andre som driv næringsverksemd i bygget. Familien Ramsli står som eigar av bygget fram til 2018.

På starten av 1900-talet dreiv Nils Foss kombinert butikk og kafé i bygget, på eit bilete frå 1912 kan ein på eit skilt lese «Foss CAFE og Butikk». Frå midten av 1920-talet driftar ekteparet Andreas og Hansina Hovland Ramsli Kafé i første høgda. Rundt midten på 1950-talet skiftar kafeen namn til Hovlands Kafé. frå denne tid er det Anna Frivik som står for kafédrifta, og dreiv den fram til 1992.

I 2018 kjøpte Borks Ferienhaus det tradisjonsrike vesle forretningsbygget. Som no hadde vore ute av bruk ein periode, og stod delvis til nedfalls. Planane var å rive bygningen. Men etter lokale protestar, samt at historiene til bygget kom fram og blei betre kjent, vart planane endra. I tråd med den kommunale reguleringsplanen, om å ta vare på det lokale bygningsmiljøet, bestemte eigar seg for å rehabilitere bygget. I juni 2020 opna kafeen under nytt namn, Malena Kafé.

Forretningsbygget som i dag inneheld Malena Kafé er eit viktig kulturminne knytt til handel og næringsliv i Høyanger kommune. Bygget har viktige kunnskaps-, opplevings- og bruksverdiar som kulturminne. Det inngår som ein særskilt sentral del av eit bygningsmiljø som var bygd opp i frå siste halvdel av 1800-talet, i ei tid då Vadheim var eit regionalt samferdselknutepunkt og lokalt handelssenter. Etter at det tradisjonsrike forretningsbygget vart rehabilitert og fekk nytt liv frå 2020, fortsette ei lang historie med kafédrift. Malenas Kafé er ein sosial møteplass for lokalbefolkninga og eit samlingspunkt for turismen i bygda. (SEFRAC-ID: 14160301056)

7.4.31 Lånefjorden, Bolstadselet (178/1)

Bolstadselet ligg i Eitredalen 560 moh. Selet er delt i tre rom med utsel, innsel og bakhuis (fjøs). Utselet og innsellet er lafta tømmer. Bakselet (fjøs) er mura i gråstein. Bygget har saltak med torvtak. Innsellet har ljøre i taket med glas i. Tømmerveggane er mørke av røyk etter bruk av opa grue. Det er steingolv i utselet og tregolv i innsellet.



Selet ber preg av å være svært gammalt. I ein stukk er årstalet 1627 innskore. Ein annan stad i selet finn ein årstalet 1805. Det er hevda at bygget har vore flytta tre gongar. Selet var nytta i stølshistoria fram til 1966, då stølen i Eitredalen vart lagt ned. Selet er framleis i bruk kvar sommar og haust til jakt og fritid.

Bolstadselet har viktige kunnskaps-, opplevings- og bruksverdiar som er med å formidle stølshistoria. Det er det eldst dokumenterte stølshuset i Høyanger kommune, og er eit automatisk freda kulturminne frå perioden 1537-1649. Selet er ein del av eit levende bygningsmiljø som framleis er i bruk til rekreasjon og fritid. (SEFRAK-ID: 14180110034)

7.4.32 Nessane, Ungdomshuset

Bygningen er tømra og har valmetak, bordkledning og enkle vindauge. Huset vart bygd i 1911 av IOGT (avhaldsrørsla). I 1938 kjøpte Nesse ungdomslag huset som no fekk namnet Høvdinghall. Ungdomshuset har sidan vore nytta til forsamlingslokale, bygdekino og ulike private samkome. Under andre verdskrigen budde arbeidarar frå Bergen kommunale vedlager her. Dei hadde eiga kokke og matrom i kjellaren. Ungdomshuset var og åstad for viktig lokal industrihistorie. Nesseplast starta opp verksemda si med støyping av garnkork i kjellaren til ungdomshuset i 1957.



Nesse ungdomshus har viktige kunnskaps-verdiar som forsamlingslokale for bygda Nessane for fleire lag i ulike periodar. Huset ber i seg mykje viktig lokalhistorie for bygda Nesse. Det har var mellom anna åstad for etablering av viktig lokal industrihistorie. Huset har ein sentral plass med god utsikt i kultur-landskapet, som gir gode opplevings-verdiar. Bygget er prega av tiltakande forfall. For å få fullgod bruksverdi for bygget, må det settast i verk tiltak.

7.4.33 Lavik, Gamlevegen i Lavik



Gamlevegen i Lavik gjekk opphavleg frå kyrkja i Lavik til futegarden på Alværa. Det som i dag er om talt som gamlevegen startar ved enden av byggefeltet ved Ytste Strandareset. Herifrå kan ein følgje vegen heilt til den går inn på Bosdalsvegen ved Inste Reset. Dette er ein strekning på om lag 1,6 km med ei veggbreidde på rundt 2,5 m. Vegen er intakt med unntak av eit korte strekke på Ringereide på om lag 50 meter som er rydda til dyrka mark.

I følgje utgjevinga *Sogn og Fjordane fylke 1920*, som er eit skriv frå Trafikkplankomiteen av 1919, stod vegstrekka klar i 1875. Deler av vegstrekningen har nok blitt oppgradert og forbedra etter at den var ny. Mellom anna vart det laga ny bru på Ringereide i 1937. Etter at bilen kom, og særleg etter at Lavik vart ferjestad med gjennomgåande trafikk frå Vadheim i frå 1960, var vegen utdatert. Mot slutten på 1960-talet kom det til ny veg langs fjorden frå Alværa til Lavik ferjekai.

På Alværa budde det embetsmenn som med vegen fekk ein enklare og meir standsmessig veg til kyrkja i Lavik. Vegen var i si samtid eit viktig framsteg for samferdsle for gardane og folket som budde langs vegen. Gamlevegen har viktige verdiar som kulturminne med opplevings- og kunnskapsverdi som gamal veg. Etter at den nye hovudvegen kom har gamlevegen fått ny bruksverdi som turveg, og er viktig for trim og rekreasjon for lokalsamfunnet sett i eit folkehelseperspektiv.

7.4.34 Vadheim, Steintrappene til Fossen (42/8)

Stien opp til fjellgarden Fossen i Vadheim har eit parti mot slutten på om lag 10-12 meter som er mura opp som trapper. Kva tid partiet med trappene var mura opp er ukjent. Det er dokumentert gardsdrift på Fossen heilt attende til byrjinga av 1600-talet. Truleg har det vore gardsdrift, eller kanskje stølsdrift, i området før den tid og. Det vart slutt på gardsdrifta i 1943. Skal ein kortaste vegen opp til den veglause garden frå Vadheim, må ein gå stien med trappene.



Stien med trappene er ein gamal ferdselsveg som har viktige kunnskaps- og opplevingsverdiar for korleis ein måtte mure opp pari av stiar for å kome fram med folk og dyr. Stien har dei seinare år fått ny bruksverdi, og er ein mykje nytta tursti til friluftsliv og trim. Steintrappene er i eit tiltakande forfall, der fleire av trappetrinna er i ferd med å skli ut.

7.4.35 Nessane, Stien til Tennefossen (186/1-2)

Ferdselsvegen opp Sagadalen til Tennefossen var og er framleis den viktigaste tilkomstvegen for dei no nedlagde gardane Storefossen og Vetlefossen (Tennefoss). Den gir og tilkomst til fjellområdet med stølar vidare innover Tenndalen. Fleire parti av stien er mura og tilrettelagt, med stadvis oppmura trappetrinn.



Stien er ein eldre ferdselsveg som har viktige kunnskaps- og opplevingsverdiar til korleis ein måtte opparbeide stiar for å kome seg fram for folk og dyr. Fleire parti av den oppmura stien har delvis sklidd ut, og stien er i forfall. Ferdselsvegen har framleis stor bruksverdi som tilkomstveg for grunneigarar og er ein mykje brukt tursti som del av ei merka turløype. På både Storefossen og Vetlefossen er det eldre bygningsmiljø i eit kulturlandskap med vesentlege kunnskaps- og

opplevingsverdiar. Stien inngår som ein del av eit godt bevart kulturlandskap som frå tida med tradisjonelt jordbruk. For meir beskriving sjå 7.4.37 Nessane, Kulturlandskap Sagi.

7.4.36 Nessane, Kulturmark Sagi (186/1-2)



På garden Sagi er det eit godt i vareteke eldre kulturlandskap med kulturmark og bygningsmiljø. Garden ligg langs Tennefosselvi. Som det heilt tydeleg går fram av gardsnamnet Sagi, var her i si tid sagbruksdrift i form av ei oppgangssag. Denne er første gong omtalt i 1635. Murane etter saga står framleis nede ved fjorden. Seinare kom det til ein tønnefabrikk her. Det har og vore ei vadmestampe på staden. Sagbruk og anna verksemd var nok hovudaktiviteten på Sagi, og det var eit heller lite gardsbruk. Tunet og det

meste av innmarka ligg aust for elva. Her ligg ein bjørkehage som med stuva bjørketre som er trekt fram som stor verdi som historisk kulturmark.

På garden er det og fleire eldre hus. Her kan spesielt nemnast eit kvernhus som tilhøyrande nabogarden Tusvik, samt eit eldre stabbur og ei utløa. Etter at den ordinære gardsdrifta vart lagt ned i 1969 har det vore skjøtsel på garden for å hindre attgroing og halde dei gamle kulturmarkene i hevd. Fleire av bjørkestuvane i bjørkehagen har år om anna har vore kutta ned. Graset på slåttemarka har vore slege. Som eit ledd i skjøtselen har nokre lamaer beita området med bjørkehage dei seinare åra.

På vestsida av elva går stien opp til Tennefossen. Langs denne ved Dalagjerdet er det ei slåttemark med ei tilhøyrande utmarksløe. Dette området høyrde opphavleg til nabogarden mot

vest, Nokken. Utløa vart bygd på 1800-talet. Slåttemarka vert slege kvart år, og tørrhøyet vert teke inn i løa og nytta til fôr. Løa er lafta, med dørpning i bryst mot vest.

Garden Sagi har ein viktig funksjon som kunnskapsformidlar for eldre driftsmåtar i jordbruket. Den gamle ferdselsvegen opp Sagadalen mot Tennefossen har stor opplevings- bruksverdi som tursti. Stien går langs Dalagjerdet, der ein går inn i eit kulturlandskap med eldre styvingstre og slåttemark. Bjørkehagen på austsida av elva gir eit godt innblikk i korleis innmarka vart nytta i eit brattlendt terreng, og er eit lokalt referanseområde for skjøtsel av hagemark.

7.4.37 Nessane, Kulturmark med styvingstre på Kvist (180/1)



Kvist er ein brattlendt gard som ligg langs Sognefjorden og strekker seg frå fjord til fjell. For garden har utnytting av utmarksressursane med vore særskild viktige. I den tradisjonelle drifta av garden var utmarka nytta til lauving, vedhogst, utmarkslått og beite. Der lauvet av ask, bjørk og lind henta frå skogen var eit særskild viktig førtilskot. Dette er godt dokumentert i matrikkelførebuinga frå 1863. Her kjem det klart fram at Kvist i tida med tradisjonell jordbruksdrift, i

hovudsak basert seg på ressursar henta frå skog og utmark. På den tid henta garden ut om lag 3000 lauvkjervar som forsurrogat kvart år, samt «betydelig Ris og Skav». Den tradisjonelle gardsdrifta heldt fram til rundt midten av 1900-talet.

I 1901 vart garden delt i to bruk. For Kvist 180/1 sin del vart det slutt med stølsdrift i 1952. Etter dette vart Strondi nytta til kulturbeite med sommarfjøs. Etter at vegen (Fv 55) kom på midten av 1960-talet, gjekk mykje av innmarka på garden tapt, og frå 1966 vart gardsdrifta med kyr avslutta.

Deler av den tradisjonelle drifta kulturlandskapet på Kvist, rundt innmarka og langs Strondi, blir helde i hevd med aktiv skjøtsel i form av stell av styvingtre, slått og beiting av mark av eigar av Kvist 180/1. Frå 2019 fekk store delar av garden, etter ein prosess med frivillig vern, status som naturreservat med namnet Kvist naturreservat.

Kulturlandskapet med kulturmark på garden Kvist er beskrive som spesielt. I området finn ein fleire monumentale styvingstre. I den samanheng er det spesielt trekt fram samlingar med lindetre som har store dimensjoner og ei karakteristisk form. I samband med etableringa av Kvist naturreservat er lokalitetane med lindeskog særleg trekt fram.

Garden Kvist 180/1, som inkluderer Kvist naturreservat, har viktige kunnskaps- og opplevingsverdiar i form spor etter tradisjonell jordbrukskulturlandskap med fleire samlingar av markante styvingtre. Deler av garden med eldre kulturmark blir helde i hevd med aktiv skjøtsel i form av stell av styvingtre og beiting. Kulturmarka på Kvist gir viktige kunnskap om og oppleving av korleis ein i si tid drifta ein brattlendt og marginal vestlandsgard. Garden er framleis i drift med sauehald.

7.4.38 Kyrkjebø, Bakkemurar og vegar Ytre Berge (55/2)

Store delar av innmarka til gardsbruket Ytre Berge 55/2 er brattlendt. Den gamle infrastrukturane på slåttemarka på nedsida av tunet og vegen på bruket er intakt med bakkemurar og vegar frå tida bruket var i drift. I nedre del i grensa mot utmarka er det fleire stader bygd spesielt høge bakkemurar. Vegane på innmarka følgjer stadvis bakkemurane. Andre stader er vegane mura opp med steinmurar.



Garden Ytre Berge 55 består av 5 gardbruk. Denne gardinndelinga har vore slik sidan slutten på 1600-talet. Fram til utskiftinga av innmarka på Ytre Berge var avslutta i 1900, var innmarka i teigblanding. Før den tid var alle husa på garden i eit fellestun. Frå 1901-02 vart eit nytt tun med nye hus til bruk 55/2 bygd opp. Eigar tok no til med nydyrking. Ein del av dette arbeidet var nok opparbeiding av fleire av bakkemurane og vegane. I 1960 var status på bruk 55/2: Jordvidda på innmarka er oppgjeven til 6 dekar åker 43 dekar eng og 1 dekar hage. Det meste er moldrik morenejord. I tillegg er det oppgjeve 300 dekar skog. Gardsbruket føder 2 hestar, 10 kyr, 5 ungdyr og 16 sauer. Gardsdrifta vart nedlagt i 1986. Etter den tid har det meste av innmarka vore slått av andre bønder.

Innmarka på gardsbruket har ein viktig kunnskaps- og opplevingsverdi, som viser kva tiltak ein måtte ty til for å drive eit vestlandsk småbruk i brattlendt terreng i første halvdel på 1900-talet. Det har framleis bruksverdi, då eigar driv med gardsturisme.

7.5 Innspel til kulturminne – ikkje prioritert

Etter planstart kom det inn nokre innspel til kulturminne. Nedanfor er ei liste på objekt med grunnngjeving. Desse vart ikkje med i denne runden og dermed ikkje prioritert.

Krigsarkiv på Norevik

I ei steinurd på Norevik vart det under krigen gøymd vekk viktig og sensitivt arkivmateriale til kommunistpartiet i Høyanger. Dette var viktig hending i den lokale krigshistoria, som fortel om kva tiltak ein måtte gjere for å ta vare på arkivmaterieell under krigen. Einar Rysjedal har skrive og dokumentert denne historia i *Kjelda*, nr 2 2017. Gøymestaden er kjent, og ligg i eit noko ulendt og utilgjengeleg terreng.

Grunngjeving:

Ein tilrår at dette blir registrert som eit brukarminne med historia knytt til gøymestad merka med GPS på Kulturminnesok.no. Årsak til ein i denne runden ikkje har vurdert dette som prioritert kulturminne, er at det ikkje er knytt opp mot noko konkret objekt. Det er her snakk om ei hending som er knytt opp mot ein kjend lokalitet.

Avistrykkeriet i Vadheim

Det er hevda at det første avistrykkeriet i Høyanger kommune, Sogn og Fjordane Socialdemokrat (Fritt Folk) 1921-1923, var å finne i huset som i dag står på adressa Sanden 6 (Vadheim 36/8). Ein har i denne samanheng ikkje funne dette dokumentert i sikre skriftlege kjelder. Men det er rimeleg god grunn til tru at dette stemmer. Sverre Søggen har skrive om dette i boka *Soga om Vaim*. Dette hende før han var fødd, men han nyttar fleire eldre munnlege kjelder som informasjon til si historie om det aktuelle huset i Vadheim. Same huset er og knytt til den kjende avdøde tyske politikaren Willy Brandt, som var flyktning i Noreg på 1930-talet. Han budde i huset medan han var på staden.

Grunngjeving:

Mykje talar for at huset var nytta som det første avistrykkeriet i Høyanger kommune i ein relativt kort periode tidleg på 1920-talet. Huset er og knytt til den tyske politiske flyktningen Willy Brandt. Bygget har i så måte lokalhistorisk verdi. Men ein kan ikkje her sjå å kunne prioritere det som kulturminne på grunnlag av denne aktiviteten i huset.

I denne vurderinga er det ikkje teke omsyn til sjølv huset som kulturminne sett i eit arkitektonisk og historisk perspektiv. Om ein meiner at sjølv huset har kulturminneverdi, må det gjennomførast ei synfaring av sjølv huset. I ei eventuell ny slik vurdering vil nok aktiviteten med avistrykkeri vere ein del av verdigrunnlaget som kulturminne.

Gamle Høyangervegen

Gamle Høyangervegen mellom Høyanger og Nordeide er føreslegen med bakgrunn i konstruksjonane med dei høge gråsteinsmurane som går ned mot fjorden. Det som er att av gamlevegen går i dag i hovudsak på utsida av Kvernhaugtunellen og Hovdentunelen. Gamlevegen var bygd i åra 1927-1934, delvis i form av naudsarbeid. Den nye vegen med tunellane vart bygd på midten av 1980-talet.

Grunngjeving:

Det som er att av gamlevegen mellom Høyanger og Nordeide har heilt klart viktige kulturminneverdiar. Dei høge murane vitnar om mykje slit og godt ingeniørarbeid, og har arkitektonisk verdi. Bygginga i form av naudsarbeid har og ein vesentleg historisk verdi.

Vegen er open for ikkje motorisert ferdsel forbi tunellane. Med bakgrunn i stor rasfare i området der vegen som går utanom tunellane, har vegen ein heilt klar forringa bruksverdi. Vegen er i dag skilta med fareskilt med denne teksten; «Vegen er svært rasutsett. All ferdsel på eige ansvar». Vegen utanom Kvernhaugtunellen har i periodar vore steng pga. av ras. Med denne bakgrunn finn ein det ikkje tilrådeleg å prioritere gamlevegen Høyanger-Nordeide som kulturminne.

Ikkje vurderte objekt frå Ortnevik grendelag:

Karet, ankerfeste

Kommentar: Er registrert som arkeologisk minne. Uviss datering. Uavklart vernestatus.

Hopen, hamn for robåtar ved butikk.

Kommentar: Område er omfatta av omsynssone.

Båtbyggjeri/snekkarskule, naustrekke, Spanteplanbygget

Kommentar: Område er omfatta av omsynssone.

Gamlebutikken

Kommentar: Område er omfatta av omsynssone.

Nedre Tune 4/1 kulturmiljø (Fastinggarden)

- **Borgstova**

Kommentar: Er vurder og prioritert i kulturminneplan.

- **Galdeverpet**

- **Naustet**

- **Uthus/løe**

Kjølhalingssted, Ankringsplass (Kvelving)

Kommentar: Er registrert som arkeologisk minne. Uviss datering. Uavklart vernestatus.

Ishola (Is-uttak)

Kommentar: Registrert som brukarminne i kulturminnesok.no 2016.

Ortna, skjær i innseglinga til Ortnevik.

Flymeldepostar frå andre verdskrig

Biletreferansar

Høyanger Industristad Museum
41

Gaute Ljotebø
39, 40, 41, 42, 43, 44, 45, 47, 51, 52, 53, 54, 57, 58, 59, 60, 61, 62

Stig Hovlandsdal Øvrås
46, 47

Sven-Ove Fossen
44

Daniel Tynning Moen
41, 42

Anita Norheim
55, 56